


Viltet i Samnanger

Kartlegging av viktige viltområde
og status for viltartane



Samnanger kommune og
Fylkesmannen i Hordaland
2003

Viltet i Samnanger

Kartlegging av viktige viltområde
og status for viltartane

Samnanger kommune og
Fylkesmannen i Hordaland
2003

MVA-rapport 16/2003

Foto på framsida frå toppen (namn på fotograf i parentes):

Orrhane, tjeld, flaggspett, hønehauk, hjort (Magnus J. Steinsvåg), stor salamander (Stein Byrkjeland).

Illustrasjonar er gjengitt med løyve:

Direktoratet for naturforvaltning: s 20, 22, 23, 24

Viggo Ree: s 21, 25, 26, 27, 29

Rune Roalkvam: s 19

Ansvarlege institusjonar: Samnanger kommune og Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavdelinga		Rapport nr: MVA-rapport 16/2003
Tittel: Viltet i Samnanger. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane		ISBN: 82-8060-024-8 ISSN: 0804-6387
Forfattarar: Magnus Johan Steinsvåg og Olav Overvoll		Tal sider: 45
Kommunalt prosjektansvarleg: Hans Kristian Stenerud (miljø- og landbrukssjef)		Dato: 10.11.2003
Samandrag: Etter initiativ frå Fylkesmannen si miljøvernavdeling, har Samnanger kommune gjennomført revidering av eksisterande viltkart for kommunen. Målet med kartlegginga har vore å gi ei oppdatert oversikt over viktige viltområde til bruk i arealforvaltinga og å gi ei oversikt over kva viltartar som er observerte i kommunen. Medan det gamle viltkartet nesten utelukkande omhandla jaktbare artar, omfattar den nye kartlegginga alle viltartar i høve til det utvida viltomgrepet: Alle artar innan gruppene amfibiar, krypdyr, fugl og landpattedyr. Det er lagt spesiell vekt på artar med økonomisk og rekreativ verdi (først og fremst hjortevilt), truga- og sårbare artar (raudlisteartar), område som er viktige for enkeltartar eller artsgrupper og område som er spesielt artsrike. Kartverket er delt i fire tema: 1) Hjorteviltkart, 2) småvilt, 3) opplysningar unnateke offentlegheit og 4) prioriterte viltområde (viktige- og svært viktige viltområde). Det sistnemnde temaet vil vere det viktigaste i overordna plansamanheng. Alle opplysningane føreligg digitalt. I denne rapporten er to kart vedlagt; hjorteviltkartet og prioriteringskartet. To område i Samnanger er vurderte som svært viktige viltområde og 8 som viktige. Det er registrert 153 viltartar i kommunen: 3 amfibiar, 1 krypdyrart, 122 fugleartar og 27 pattedyrartar. Ein har hatt avgrensa ressursar til kartleggingsarbeidet og resultatet kan difor ikkje reknast som fullstendig. Dessutan kan situasjonen for viltet endre seg over tid, både naturleg og som ein følgje av tekniske inngrep og endra arealbruk. Det er difor naudsynt å oppdatere kartverket med jamne mellomrom både for å fange opp endringar i arealbruk og ny kunnskap om viltet. Gjennom supplerande feltundersøkingar og opplysningar frå lokalkjende, vonar ein at kartverket over tid kan bli både meir presist og meir komplett.		
Referanse: Steinsvåg, M.J. & Overvoll, O. 2003. Viltet i Samnanger. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane. – Samnanger kommune og Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 16/2003: 1-45.		
Emneord: Samnanger kommune, viltkartlegging, biologi, zoologi, amfibiar, krypdyr, fuglar, pattedyr		
Samnanger kommune 5650 Tysse Tlf: 56 58 74 00, Fax: 56 58 74 01 www.samnanger.kommune.no	Norsk Viltkompetanse v/ Magnus Johan Steinsvåg 5437 Finnås Tlf: 53 42 19 97, Mob: 97 12 19 60 www.norskviltkompetanse.no	Fylkesmannen i Hordaland Miljøvernavdelinga Postboks 7310 5020 Bergen Tlf: 55 57 22 00, Fax: 55 57 22 01 www.fylkesmannen.no/hordaland www.miljostatus.no/hordaland

1. FORORD

Det vart på midten av 1990-talet fremja forslag om å starte viltkartlegging i Samnanger kommune, men det stranda på grunn av mangel på midlar. Bakgrunnen for viltkartlegginga i 2003 er mellom anna oppmodning og tilskot frå Fylkesmannen i Hordaland. Vidare har Stortinget vedteke i Stortingsmelding nr. 58 (1996-1997) at alle kommunar skal ha gjennomført kartlegging og verdiklassefisering av det biologiske mangfaldet innan utgangen av 2003.

Viltkartlegginga skal vera eit verktøy i offentleg forvaltning som skal sikre leveområde for viltet. Prioritert område får ikkje kategorien vern, men det bør takast spesielle omsyn til desse områda i planprosessar.

For å sikre det faglege nivået på arbeidet vart det tidleg klart at kommunen måtte leige inn private konsulentar med kompetanse innan botanikk og zoologi til å gjennomføra kartleggingsarbeidet. Etter ein tilbodsrunde vart det gjort avtale med Magnus Steinsvåg om viltkartlegging og Bjørn Moe fekk oppdraget med kartlegging av biologisk mangfald.

Magnus Steinsvåg starta med viltkartlegging i juni 2003. Arbeidet starta med eit møte med Vilt- og fisknemnda i Samnanger kommune. Møte var eit utgangspunkt for å få informasjon om tidlegare arbeid og registreringar i kommunen, samt informasjon om aktuelle kontaktpersonar. Det vart også i etterkant av møtet skrive ein artikkel i Samningen, om kartlegginga som føregjekk. Samningane vart i samband med artikkelen oppfordra til å kome fram med interessante registreringar i kommunen.

Det har vore relativt lite registreringar av vilt i kommunen tidlegare. Magnus Steinsvåg har på den andre sida laga eit godt dokument ut frå den informasjon og dei midla som har vore til rådvelde.

Me vil takke alle som har delteke i kartleggingsarbeidet. Vidare vil med oppfordra alle til å kome med nye innspel til planen. Dette gjeld både nye funn og endringar.

Me vil også takke miljøavdelinga hos Fylkesmannen i Hordaland for støtte i form av midlar og fagleg rådgjeving. Ein spesiell takk til Olav Overvoll for godt samarbeid og digitalisering av kartmaterialet.

Samnanger kommune har no fått eit viltkart med oversikt over dei mest verdfulle områda for viltet. Det er eit ynskje at denne informasjon skal verte nytta i arealforvaltninga både av dei tilsette i kommunen og av politikarane. Me har også eit håp at planen skal inspirera både unge og gamle i høve til interessa til å ta vare på naturen, og at viltkartet med tida skal verta meir utfyllande.

Tysse 24.11.2003

Hans Kristian Stenerud
miljø- og landbrukssjef

2. INNHALD

1. FORORD	5
2. INNHALD	7
3. INNLEIING	9
Bakgrunn	9
Lovgrunnlag	9
Internasjonale konvensjonar	9
Andre sentrale dokument	10
Kvifor sikre eit mangfald av viltartar	10
4. FRAMSTILLING OG BRUK AV VILTKART	11
Praktiske problem ved viltkartlegging	11
Utforming av viltkarta	11
Korleis bruke viltkarta?	12
Viltrapporten	12
Tilgang til kartfesta informasjon	12
Oppdatering og revisjon av viltkarta	12
5. METODIKK FOR ARBEIDET I SAMNANGER	13
Organisering av prosjektet	13
Innsamling av informasjon	13
Utarbeiding av rapporten	13
Kartframstilling	13
6. NATURGRUNNLAGET	14
Geografisk plassering og arealbruk	14
Landskap og geologi	14
Klima	14
Vegetasjon	14
7. SKILDRING AV VILTOMRÅDA I SAMNANGER	15
Svært viktige viltområde	15
Viktige viltområde	15
Viktige trekkvegar for hjort	16
8. TRUA OG SÅRBARE ARTAR I SAMNANGER	17
Raudlister	17
Viktige trugsmål mot viltet	17
9. STATUS FOR VILTET I SAMNANGER	19
Amfibiar	19
Krypdyr	19
Fuglar	19
Pattedyr	26
Kva bør kartleggast betre?	30
10. BRUKARINTERESSER I NATUREN OG KONFLIKTAR I FORHOLD TIL VILTET	31
Skogbruk	31
Jordbruk	31
Friluftsliv og ferdsel	32
Jakt	32
Faunakriminalitet	32
Bustadar og industri	32
Vegar	32
Vassdragsregulering	33
Kraftleidningar	33
Avfall	33
Oppdrettsanlegg	33
11. INFORMANTAR	34
12. LITTERATUR	34
13. ARTSLISTE	37
14. KART	41
Kart 1. Hjortevilt	43
Kart 2. Prioriterte viltområde	45

3. INNLEIING

BAKGRUNN

Naturområda våre blir i aukande grad utsette for inngrep av ulike slag. Bygging av bustadfelt, industri og andre naturinngrep utgjer eit stadig større press på areala. I denne samanheng er det viktig å kunne integrere viltinteressene i planarbeidet. Bakgrunnen for å lage eit viltkartverk er først og fremst eit ønskje om at viltinteressene i større grad skal bli tatt omsyn til i arealforvaltninga, mest på lokalt nivå gjennom kommuneplanen sin arealdel, men òg regionalt og nasjonalt. Dei offentlege brukarane av kartverket vil først og fremst vere kommunen, Fylkeskommunen, Fylkesmannen og Direktoratet for naturforvaltning.

Det er òg eit ønskje at viltkart og viltrapport skal vere med å auke kunnskapen og interessa for vilt blant kommunen sine innbyggjarar. Difor er det viktig at kart og rapport blir tilgjengeleg for skular og naturinteresserte i kommunen.

Tidlegare viltkart har vore prega av einzijdig fokusering på det jaktbare viltet. Dei nye viltkarta er meir omfattande og skal i prinsippet omfatte alle viltlevande landpattedyr, fuglar, amfibium og krypdyr. Dette er i tråd med det såkalla utvida viltomgrepet, jamfør viltlova sin §2. Det er ikkje økonomisk mogleg å kartleggje alle funksjonsområde for alle viltartar, det er heller ikkje praktisk forvaltingsmessig sett. Difor er det i kvar kommune gjort eit utval over kva artar og artsgrupper ein ut frå lokale, forvaltingsmessige omsyn meiner det er viktig å få kartlagt. Typiske døme er særleg viktige vinterbeite og trekkveggar for hjort, hekkeplassar for enkelte rovfuglartar, spelplassar for storfugl, sjøfuglkoloniar, våtmarkslokaltetar og spettelier (skogslie med gammal lauv og blandingsskog, eldre ospeholt og god tilgang på død ved). Førekomsttar av truga- og sårbare artar står sjølvstøtt og sentralt. På denne måten ønskjer ein å kartfeste område som er av særskilt verdi for ulike viltartar, og som ein difor bør ta spesielle omsyn til i arealplanlegginga.

LOVGRUNNLAG

At ein skal ta omsyn til viltet og viltet sine leveområde er grunnfesta i lovverket. Viltlova er den mest sentrale, men fleire andre sektorlover har relevans for viltforvaltninga.

- *Viltlova* legg rammer for forvaltninga og utøving av jakt og fangst. Sentralt står føremålsparagrafen, §1, som fastslår at *viltet og viltet sine leveområde* skal forvaltast slik at

naturen sin produktivitet og artsmangfald blir bevart. §7 fastset at *omsynet til viltinteresse skal innpassast i den oversiktplanlegginga i kommune og fylke*. Innpassing av viltinteressene i arealplanlegginga krev solid kunnskap om viltet i det aktuelle planområdet. Kunnskapen om ulike funksjonsområde må vere kartfesta, slik at arealplanleggjarar i sitt daglege arbeid kan ta dei naudsynte omsyn. Viltlova fastset òg at *vedkommande myndigheit på eit tidleg stadium i planlegginga skal søke samarbeid med viltorgana*.

- *Plan- og bygningslova* pålegg kommunen m.a. å utarbeide kommuneplanar for arealdisponeringa der alle samfunnsinteresser, også viltinteressene, skal vurderast.
- *Skoglova* legg rammene for bruk og utnytting av skogareala. Lova sitt føremål er å fremje skogproduksjon, skogreising og skogvern, men lova fastslår òg at det skal leggast vekt på skogen sin funksjon som livsmiljø for planter og dyr og som område for jakt og fiske. I Hordaland er ein relativt liten del av arealet skogkledd (ca. 17%), men skogsmiljøa er viktige viltbiotopar. Forvaltning og drift av desse områda er difor svært viktige i viltforvaltings-samanheng.
- *Naturvernlova*. Områdevern og vern av enkeltobjekt skjer med heimel i naturvernlova. Områdevern er eit viktig verkemiddel for å sikre spesielle naturområde. Særleg viktig i vilt-samanheng er opprettinga av sjøfuglreservat og våtmarksreservat.
- *Friluftslova* skal først og fremst avklare forholdet mellom grunneigarar og friluftsfolk, men lova nemner òg at ferdsel i utmark skal føregå omsynsfullt overfor grunneigarar, brukarar og andre. Ein skal difor òg ta omsyn til viltet ved ferdsel i skog og mark.
- *Lov om motorferdsel i utmark* har som utgangspunkt at motorisert ferdsel i utmark skal vere forbode. Lova sitt føremål er å regulere motorferdsel i utmark og vassdrag "med sikte på å verne om naturmiljøet og fremme trivsel". To tilhøyrande forskrifter av 1988 er òg sentrale her.

INTERNASJONALE KONVENSJONAR

Noreg har ratifisert (underteikna og gitt si tilslutning til) fleire internasjonale avtalar som er sette i verk for å sikre det biologiske mangfaldet. Internasjonale avtalar forpliktar også på lokalt plan, fordi det er her den praktiske forvaltninga finn stad.

- *Ramsarkonvensjonen* (1975) gjeld vern av våtmarksområde, særleg med tanke på fuglar.

- *Washingtonkonvensjonen – CITES* (1975) regulerer den internasjonale handelen med trua og sårbare viltartar.
- *Bernkonvensjonen* (1979) har som føremål å verne europeiske artar av ville dyr og plantar, og leveområda deira.
- *Bonnkonvensjonen* (1979) gjeld vern av trua og sårbare viltartar som regelmessig kryssar landegrensene (trekkjande artar).
- *Riokonvensjonen eller biodiversitetskonvensjonen* (1993) legg opp til nasjonale prosessar der partane sjølv må identifisere biologisk mangfald som krev bevaringstiltak. Partane er dessutan forplikta til å utvikle nasjonale strategiar for berekraftig bruk og bevaring av biologisk mangfald. Riokonvensjonen er den internasjonale avtalen som i størst grad har konsekvensar på lokalt plan fordi den understrekar verdien av lokalt biologisk mangfald. Denne konvensjonen har truleg vore ei viktig årsak til at den nasjonale forvaltninga ønskjer å satse på ei landsdekkjande, kommunevis kartlegging av biologisk mangfald.

ANDRE SENTRALE DOKUMENT

Fleire dokument utgjevne av styresmaktene er sentrale i forhold til viltforvaltning. Gjennom stortingsmeldingane gir styresmaktene uttrykk for korleis ein ønskjer å forme politikken på spesielle område i åra framover. Her uttrykkjer ein gjerne politiske målsetjingar og kva verkemiddel ein vil setje i verk får å nå desse.

- St. melding nr. 13 (1992-93) om FN konferansen om miljø og utvikling i Rio de Janeiro.
- St. prp. 56 (1992-93) Om samtykke til ratifisering av konvensjonen om biologisk mangfald.
- St. melding nr. 31 (1992-93) Den regionale planleggingen og arealpolitikken
- Miljøverndepartementet sitt rundskriv til kommunane (T-937) "Tenke globalt - handle lokalt".
- St. melding nr.58 (1996-97) Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida.
- St. melding nr. 8 (1999-2000) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand.
- St. melding nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfald. Sektoransvar og samordning.

KVIFOR SIKRE EIT MANGFALD AV VILTARTAR

Grunnen til at vern av viltet har blitt gjenstand for både internasjonale og nasjonale lovverk og avtalar er mange, men dei fleste er bygde på erkjenninga at vi sjølve er ein del av naturen og heilt avhengige av naturprodukt for å overleve. Grovt sett kan argumenta delast inn i tre hovudgrupper:

- *Økonomiske- og materielle argument:* Menneska har til alle tider vore avhengige av viltet for å overleve, og i nyare tid har viltet mange stader blitt ein viktig økonomisk ressurs. Sjølv om ikkje alle dyreartar er like viktige økonomisk og materielt i dag, kan mange artar truleg bli viktige for oss i framtida. Eit *genetisk mangfald* er òg viktig for menneska si materielle og økonomiske utvikling. Husdyra våre er framavla frå eit fåtal ville artar. Ved stadig seleksjon på enkelte eigenskapar dukkar det nesten alltid opp uforutsette problem, ved at visse uønskete eigenskapar følgjer dei ønskete. Seleksjon på eit fåtal eigenskapar fører òg til tap av genetisk variasjon. Ville populasjonar kan i denne samanheng vere viktig som kjelde til "nytt" genetisk materiale. Genforskning på ville dyr kan òg vere viktig i samband med vidare husdyravl fordi det hjelper oss til å forstå dei naturlege seleksjonsmekanismene.
- *Kulturelle- og estetiske argument:* Storviltjakta kan vere ein økonomisk viktig ressurs, men det er neppe økonomien som er drivkrafta bak jegeren sin motivasjon for å drive jakt. Jakt har lange kulturelle tradisjonar, og det å drive jakt er kanskje òg ein del av mennesket sin nedarva biologi. Både for jegeren og andre natur- og friluftinteresserte, er opplevinga av naturen i seg sjølv ofte det viktigaste. Og sjølv om særinteressene er mange, er eit mangfald av viltartar ofte ei kjelde til rikare naturoppleving.
- *Etiske- og moralske argument:* Mennesket er den einaste dyrearten som med fullt medvit kan utrydde andre artar. Dette gir oss eit særskilt ansvar. Mange hevdar at alle levande organismar har den same retten til eksistens, uavhengig av om dei synes til nytte eller skade for mennesket. Vi har òg eit ansvar i forhold til framtidige generasjonar sine moglegheiter for naturbruk og naturopplevingar.

4. FRAMSTILLING OG BRUK AV VILTKART

PRAKTISKE PROBLEM VED VILTKARTLEGGING

Dei ulike viltartane set ulike krav til leveområdet sitt. Leveområdet skal dekke fleire funksjonar, først og fremst næring, hekke-/yngleplass og skjul. Nokre artar er spesialiserte, medan andre artar er meir tilpassningsdyktige og kan finnast i ei rekkje ulike biotopar. Enkelte små plante- og insektetarar kan klare seg med leveområde på berre nokre titals kvadratmeter, medan t.d. hønssehauken gjerne brukar eit areal på 20-50 km². Dei store rovdyra er ekstreme i sitt krav til storleik på leveområde. T.d. reknar ein med at ei familiegruppe av gaupe (ho med to ungar) treng eit leveområde på ca. 500 km². Einslege hann-gauper kan ha leveområde som er opptil 1500 km².

Det som først og fremst bestemmer storleiken på leveområdet er næringstilgangen. Kor stort leveområde eit individ eller eit ynglepar med ungar treng kan variere geografisk, alt etter lokal næringstilgang. For mange artar forandrar kravet til leveområde seg også med årstidene, både når det gjeld storleik og kvalitet.

Desse momenta gjer viltkartlegginga komplisert og det er umogleg å fange opp alle viktige funksjonsområde for alle artar. Ein har difor vore nøydd til å gjere eit utval. Utvalet er gjort ut frå kunnskap om dei ulike viltartane sin biologi og førekomst i kombinasjon med praktiske omsyn. Enkelte område er relativt enkle å avgrense, som t.d. viktige våtmarksområde, faste hekkplassar og spelplassar. Det er mykje verre å avgrense ein art sitt *leveområde*, og ei slik avgrensing må bli skjønsmessig. Når det gjeld leveområde har ein lagt vekt på å kartfeste område for arealkrevjande og/eller fåtalige artar med spesielle biotopkrav. Slike artar det knyter seg ofte store forvaltingsmessige utfordringar til fordi leveområda, grunna storleiken, ofte blir utsette for fragmentering (blant dei mest aktuelle artane i Hordaland er villrein, hønssehauk, storfugl, kvitryggspett).

UTFORMING AV VILTKARTA

Alle kommunar som har gjennomført viltkartlegging har dei kartfesta opplysningane på digital form. På denne måten kan kartdata lett tilpassast kommunen sitt kartinnsynsverkty og kommunen kan framstille kart med ulike tema etter behov.

Ved utskrift av viltkart er det vanleg å dele informasjonen på fire temakart:

1) *Hjortevilt*. Oversikt over hjorteviltet sine viktigaste beiteområde og trekkveggar (i Samnanger

er hjort den einaste aktuelle arten). Når det gjeld beiteområde for hjort kan enkelte vinterbeiteområde vere viktige å kartfeste. Dette gjeld helst i område der det er sannsynlig at tilgang på vinterbeite kan vere ein minimumsfaktor i snørike vintrar.

2) *Småvilt*. Oversikt over viktige førekomstar og funksjonsområde for småviltet. I praksis dreier denne informasjonen seg stort sett om fuglar. Men spesielt viktige førekomstar av amfibiar kan òg vere viktig å kartfeste (t.d. alle førekomstar av stor salamander og særleg store yngleplassar for frosk og padde).

3) *Skjerma opplysningar*. Nokre opplysningar er untatt offentlegheit fordi det kan tenkast at opplysningane kan bli misbrukt og at allmen kjennskap til dei kan vere til skade for den aktuelle viltarten. Dette gjeld m.a. hekkplassar for enkelte rovfuglartar og spelplassar for storfugl og orrfugl. Opplysningane er tilgjengelege for saksbehandlarar i kommunen og hos Fylkesmannen, og vil først og fremst bli nytta i tilfelle der ein står framfor konkrete arealinngrep.

4) *Prioriterte viltområde*. Dette temaet er framstilt med grunnlag i dei tre andre og viser område der viltet bør ha høg prioritet. Kartet over prioriterte viltområde vil vere det viktigaste når det gjeld å trekke opp dei store linjene i arealplanlegginga. Ein deler dei prioriterte viltområda i to kategoriar; svært viktige viltområde og viktige viltområde.

Svært viktige viltområde

Dette er område som ut frå artsførekomstar og funksjon blir vurderte å vere spesielt viktige. I desse områda bør viltinteressene bli tillagt avgjerande vekt i arealplanlegginga. Tekniske inngrep som fører til forringing av områda sin verdi for viltet er uønskt. Det same gjeld tiltak som fører til auka ferdsel og forstyringar i området. Ved planlegging av tiltak eller aktivitetar i slike område er det viktig at viltansvarlege på kommune- og fylkesnivå blir kontakta tidleg i planprosessen slik at negative konsekvensar blir så små som mogleg.

Viktige viltområde

Også i desse områda bør ein gi viltinteressene høg prioritet i arealsaker. Desse områda har ikkje like avgjerande kvalitetar for viltet som dei svært viktige viltområda. Likevel gjeld dei same retningslinjene her.

Også i områda utanfor dei prioriterte viltområda pliktar ein, jf. Viltlova, å ta normale omsyn til viltet!

Mange mindre område som ikkje har kome med i viltkartlegginga kan likevel reknast som verdfulle viltområde. Dette gjeld t.d. område med frodig skog i kantar mot kulturmark, kantskog langs elvar og bekkar, mindre vatn/tjørn og område med rik lauvskog i kulturlandskapet. Sjølv om desse områda ikkje er viste på viltkartet, er det viktig å vere klar over verdien slike område kan ha både som leveområde og spreingskorridorar for viltet.

KORLEIS BRUKE VILTKARTA?

Viltopplysningane kan ha mange bruksområde, men er først og fremst tenkt brukt i kommunal arealforvaltning. Oversikta over prioriterte viltområde eignar seg best når dei store linjene i kommuneplanarbeidet skal trekkjast. Dei prioriterte viltområda tyder ikkje vern, men bør sjåast på som ein "ver varsam plakat", der ein ønskjer at viltinteressene skal bli tekne særskilt omsyn til. Dersom det likevel skal gjerast større arealinngrep i slike område, bør dei meir detaljerte opplysningane frå dei andre temakarta nyttast for å prøve å gjere konfliktane så små som råd. I mange tilfelle vil det vere naudsynt med supplerande undersøkingar i forkant av større arealinngrep. Dette gjeld særleg der dei underliggande artsopplysningane er usikre og mangelfulle.

Dei prioriterte viltområda legg ikkje formelle restriksjonar på vanleg næringsverksemd som t.d. skogsdrift. Men ved planlegging av større inngrep i slike område oppfordrar ein den enkelte grunneigar til å ta særlege omsyn og å rådføre seg med personar med fagkompetanse innan viltbiologi. Også i slike tilfelle vil det ofte vere naudsynt med supplerande undersøkingar.

VILTRAPPORTEN

Viltrapporten er ein viktig del av viltkartverket. Her finn ein mellom anna ein kort omtale av dei viktigaste viltområda med ei grunngjeving for kvifor dei har fått høg prioritet. I tillegg blir alle dei ulike artane som er registrert i kommunen omtala. Nokre artsomtalar gir viktig bakgrunn for å kunne sette artsinformasjonen på karta i rett perspektiv.

Viltrapporten bør gjerast tilgjengeleg for alle som jobbar med arealplanlegging i kommunen, t.d. teknisk kontor og landbrukskontoret, og kan med fordel delast ut til skular, organisasjonar og interesserte einskildpersonar.

TILGANG TIL KARTFESTA INFORMASJON

Viltkarta er først og fremst meint å vere ein reiskap til bruk i arealplanlegginga. Kommunen er difor viktigaste brukar, men også anna offentleg og privat forvaltning vil kunne bruke desse datasetta i ulike samanhengar. Det er eit ønskje at den enkelte grunneigar skal ta omsyn til biologisk mangfald på sin grunn. Aktuelle grunneigarar skal difor informerast og få tilgang til relevante opplysningar. Skular bør få tilgang til rapport og kart til bruk i lokalundervisninga. Relevante lag, organisasjonar eller enkeltpersonar vil, gjennom kjennskap til kart og rapport, kunne kome med konstruktive innspel til endringar og ny informasjon.

Gjennom Fylkesmannen si miljøvernavdeling og Direktoratet for naturforvaltning blir datasetta fagleg vurderte og lagt inn i Naturbasen. Naturbasen er ein nasjonal database for kartfesta naturinformasjon som no er tilgjengeleg over internet.

OPPDATERING OG REVISJON AV VILTKARTA

Jamleg oppdatering av viltkartverket er viktig for å 1) påføre ny kunnskap og 2) fange opp eventuelle endringar i viltet sin bruk av arealet, anten det skuldast naturlege endringar eller endringar som følgje av tekniske inngrep. Det blir anbefalt ein årlig gjennomgang av kartverket i samråd med Fylkesmannen for påføring av nye opplysningar eller korrigeringar. Det blir også anbefalt ein hovudrevisjon kvart fjerde år, i samband med revisjon av kommuneplanen.

Fordi ein har hatt avgrensa ressursar til kartleggingsarbeidet kan ikkje resultatet reknast som fullstendig. Det er fullt mogleg at enkelte område som burde ha blitt klassifisert som prioriterte viltområde kan ha blitt oversett eller at enkelte prioriterte viltområde har fått for vid avgrensing. Ved kartfestinga er det òg gjort skjønsmessige vurderingar, som nok kan vere gjenstand for diskusjon. Gjennom revideringar, som både inkluderer informasjon frå publikum og feltarbeid utført av fagfolk, vonar ein at presisjonen i viltkartverket vil kunne forbetrast med tida.

Både kommunen og Fylkesmannen si miljøvernavdeling tek gjerne imot ny informasjon og endringsforslag!

5. METODIKK FOR ARBEIDET I SAMNANGER

ORGANISERING AV PROSJEKTET

Kommunalt prosjektansvarleg har vore miljø- og landbrukssjef Hans Kristian Stenerud. Konsulent/viltkartleggar har vore Magnus Johan Steinsvåg, Norsk Viltkompetanse. Avgrensing og vekting (verdivurdering) av viltområde har blitt utført av konsulenten i samarbeid med Fylkesmannen si miljøvernavdeling.

INNSAMLING AV INFORMASJON

Feltarbeid, innsamling og kartfesting av viltopplysningar har blitt gjennomført av Magnus Johan Steinsvåg. Følgjande informasjonskjelder er nytta:

- Opplysningar frå Fylkesmannen si miljøvernavdeling
- Intervju med lokale personar med kunnskap om viltet i kommunen
- Arkivmateriale og eldre viltkart
- Litteratur
- Norsk hekkefuglatlas (nettdatabasen)
- Eigne feltregistreringar

UTARBEIDING AV RAPPORTEN

Viltrapporten sin spesielle del er skreve av Magnus Johan Steinsvåg. Olav Overvoll ved Fylkesmannen si miljøvernavdeling har skreve

innleiingskapitlet, kapitlet om framstilling og bruk av viltkart, kapitlet om raudlisteartar og delar av kapitlet om brukarinteresser. Layout er utarbeidd av Fylkesmannen si miljøvernavdeling.

Artslista er utarbeid på grunnlag av generell kunnskap om fuglefaunaen i kommunen, opplysningar frå Zoologisk Museum Bergen og gjennomgang av litteratur. Ein del av opplysningane er funne ved gjennomgang av "Krompen", Norsk Ornitologisk Foreining sitt regionaltidsskrift for Hordaland.

KARTFRAMSTILLING

Manuskarta er digitaliserte av Fylkesmannen si miljøvernavdeling etter manuskart i målestokk 1:50 000 utarbeidd av viltkartleggar. I nokre tilfelle er det nytta digitale markslagskart ved vurdering av områdegrensar.

Den generelle metoden for kartframstilling er skildra i DN-handbok 11 (DN 1996). Her legg ein opp til at karta over prioriterte viltområde blir framstilt ved såkalla overleggsanalyse. Denne metoden er ikkje brukt i Samnanger. Her er avgrensinga av prioriterte viltområde gjort med fagleg skjøn, på grunnlag av opplysningar om artsførekomstar og kunnskap om dei aktuelle artane sine habitatkrav.

6. NATURGRUNNLAGET

GEOGRAFISK Plassering og Arealbruk

Samnanger kommune ligg i midtre del av Hordaland (sjå kart på framsida). Kommunesentret er Tysse som saman med Bjørkheim utgjer den største tettstaden i kommunen. Samnanger grensar til Bergen og Os kommune i vest Fusa i sør, Vaksdal i nord og Kvam i aust. Det totale arealet er på 265,5 km². Av dette utgjer jordbruksareal i drift 2.776 daa (1%) og produktiv skog 30.759 daa (12%). Heile 84% av arealet ligg over 150 moh.

LANDSKAP OG GEOLOGI

Landskapet i kommunen varierer sterkt frå fjord til høg fjell og vidder. Det er òg mykje skog og skogkledde lier i Samnanger. Fjellmassivet Gullfjellet og Samnangerfjorden er ein dominerande del av landskapsbiletet vest i kommunen. Mot aust dominerer høg fjell og dei to dalføra mot Kvitingen og Kvamskogen. Kommunen sitt høgste punkt er Tveitakvitingen på grensa til Kvam og Fusa, 1299 moh.

Store delar av berggrunnen aust og nord i kommunen består av harde djupbergartar, medan området kring Samnangerfjorden òg har ein del av meir lettforvitrande bergartar som fylitt, glimmerskifer, glimmergneis og kalkstein.

KLIMA

Sjølv om Samnanger kommune ikkje ligg heilt i det ytre kystlandskapet, blir klimaet her rekna som oseanisk. Det vil seie at det i stor grad er påverka av havet. Typisk for slikt klima er milde vintrar og kjølige somrar, mykje nedbør og høg luftfukt (Moen 1998). Samnanger er kjent

for å ha mykje nedbør. Ved målestasjonen i Kvitingen er årsgjennomsnittet på 4000 mm. Til samanlikning ligg det normale i "regnbuen" Bergen på rundt 2000 mm. Gjennomsnittleg årstemperatur ligg på 8-6 °C. Gjennomsnittstemperatur i januar og juli ligg på høvesvis -4-0 °C og 12-16 °C (Moen 1998).

VEGETASJON

Sjølv om det umiddelbart kan sjå ut til at furuskog er den dominerande skogtypen i Samnanger (Kart 1), er lauvskogsarealet nesten like stort. Dei største, samanhengande skogområda i kommunen er likevel furuskog med varierende innslag av lauvtre. Lauvinnslaget i furuskogen er jamt over nokså ungt, noko som vitnar om tidlegare utnytting av skogen, både som beitemark og til vedhogst. Enkelte lauvtre er likevel nokså gamle, som t.d. i området ved Merkesåsen, der ein finn fleire nokså grove eiker i furuskogen. I låglandet er det godt innslag av varmekjær lauvskog og rik edellauvskog med alm og lind finst på lune stader med gunstig geologi. Langs elvar og bekkedrag er det ofte oreskog. Etter kvart som ein kjem høgare over havet minkar innslaget av varmekjære lauvtre, og opp mot skoggrensa er bjørka det dominerande lauvtreslaget. Skoggrensa ligg mellom 500 og 600 moh. i austlege delar av kommunen og på ca. 400 moh. i vest. I mange område over skoggrensa finn ein blåbærlynghei med sterkt innslag av krekling og blokkebær. Mykje av fjellheia i Samnanger er sterkt beita og mange stader meir dominert av grasartar (Spikkeland 2001). Dei høgaste fjellområda og område med harde bergartar har nesten ingen vegetasjon.

7. SKILDRING AV VILTOMRÅDA I SAMNANGER

Gjennom viltkartlegginga er det avgrensa 10 prioriterte viltområde i Samnanger, 2 svært viktige og 8 viktige. I det følgjande blir kvart enkelt viltområde gitt ein kort omtale. Numra på dei ulike viltområda refererer til områdenumra på viltkartet (Kart 3).

SVÆRT VIKTIGE VILTOMRÅDE

Område 2. Djupvikåsen-Steinafjellet-Furåsen
Større, relativt urørt furuskogområde på varierende bonitet med innslag av myrar og større vatn. Området er m.a. viktig leveområde for storfugl. Det er registrert ein tiurleik i området, men det kan truleg vere fleire. Hønsehauk er tidlegare konstaterert hekkande i området, og sjølv om den gamle hekkeplassen ser ut til å vere borte, hekkar arten truleg innan området framleis. Storlom er registrert både i Stemmevatnet og Sævellavatnet. Hekking er konstaterert i Sævellavatnet. Områda frå Djupvikåsen og sørover mot Kolle blir rekna som eit viktig vinterbeiteområde for hjort.

Område 5. Årland-Nordbygda
Furuskogsområde med innslag av mindre myrar. Området har godt innslag av eldre, grov furuskog på høg bonitet, ein biotop som er viktig leveområde for fleire sårbare og arealkrevjande artar. Det hekkar hønsehauk innan området og området er eit viktig leveområde for storfugl. Det er registrert ein tiurleik i området. I ei lita tjørn finn ein den truleg einaste attverande lokaliteten med stor salamander i Samnanger.

VIKTIGE VILTOMRÅDE

Område 1. Rolvsvåg
Relativt urørt barskogområde med eldre furuskog. Området er meir frodig enn furuskogen rundt, som stort sett er svært skrinn. Frå tidlegare er det registrert ein tiurleik i området. Området har kvalitetar som gjer det sannsynleg som hekke- og næringsssøksområde for kvitryggspett.

Område 3. Skilåna-Skard
Område med eldre skog vest for Storelvi, mellom Skilåna og Skard. I nordvest dominert av furuskog, lauvskog mot Skardsvatnet og Skard. Området er ein del av eit viktig vinterbeite for hjort og har potensial som hekkeområde for artar knytt til eldre skog. Det er funne reirhol, sannsynleg kvitryggspett, i området og stadvis er det mykje spor etter spetteaktivitet på gadd. Storfugl blir sett jamleg under hjortejakta, men det er ikkje funne nokon leik i området.

Område 4. Sørвика-Kleppe
Kupert furuskogsområde på varierende bonitet og med varierende lauvtreinnslag. Det har føregått litt hogst i området. Ein av to kjende hekkplassar for hønsehauk i Samnanger ligg i dette området. Området blir òg brukt av storfugl. Det føreligg ingen konkrete observasjonar av spetter i området, men det vart observert ein god del hakkemerke på gadd under synfaring sommaren 2003.

Område 6. Nordvikvatnet
Mindre vatn i kulturlandskapet ved Nordvik. Vegetasjonen kring vatnet gir skjul for m.a. andefuglar som stokkand og toppand. På haust og vinterstid blir vatnet òg periodevis nytta av laksand og songsvane. På markane rundt vatnet er det fleire hekkande par med vipe (Byrkjeland 1995).

Område 7. Frøylandsvatnet
Utsleppsvatn frå Frøland kraftverk, gjer at delar av vatnet normalt er ope heile vinteren. Dette, saman med at store delar av vatnet er nokså grunt, gjer det til eit viktig næringsssøksområde for andefugl. M.a. har vatnet i lang tid vore ein av dei klassiske overvintringslokalitetane for songsvane i Hordaland (Byrkjeland & Voie 1999), sjølv om talet på individ sjeldan er over 20-30. Elles er stokkand, toppand, kvinand og laksand vanleg å sjå på vatnet vinterstid. Områda nær vatnet er sannsynleg hekkeområde for stokkand og krikand. På dyrka mark på austsida av vatnet finn ein den største hekkebestanden av vipe i Samnanger.

Område 8. Totland-Svendsdalen
Relativt urørt skogområde med både furuskog og lauvskog. Det er m.a. registrert hekkande kvitryggspett i området. Området blir elles rekna som eit viktig vinterbeiteområde for hjort.

Område 9. Øvrebø
Relativt kupert barskogsområde med innslag av lauvtre. Stadvis, særleg langs elva, er det innslag av grov osp. Området er aktuelt med tanke på spettefugl. Både dvergspett, kvitryggspett og gråspett er observerte i området og hekkar sannsynleg.

Område 10. Grønsdal
Variert, relativt urørt, kupert skogområde med både furu- og bjørkeskog. Området er potensielt hekkeområde for kvitryggspett og hønsehauk, men bør undersøkast betre. Det føreligg opplysningar om ein tiurleik i området.

VIKTIGE TREKKVEGAR FOR HJORT

Hjorten er vanleg over heile Samnanger og hjortestiar finst på kryss og tvers nær sagt over alt i skogområda. Hjorten er nok ganske fleksibel når det gjeld trekkveggar og det skal mykje til at vår eigen arealbruk legg hindringar i vegen for hjorten sine vandringar. I forvaltingsmessig samanheng er det særleg viktig å vere merksam på trekk der hjorten har få alternativ dersom ei trekkroute blir sperra, og område der dyra ofte kjem i land etter kryssing av fjord.

Dei mest markerte trekkrutene for hjort i Samnanger er teikna inn på hjorteviltkartet (Kart 1). Kor presist desse trekkrutene er avmerka varierer nok ein del.

1. Øvstebø-Tverrdalen-Holmane

Trekket er todelt og går frå vinterbeiteområdet kring Djupvikåsen, kryssar vegen, går nord-austover mot Fossåsen og vidare mot Holmane. Ved Fossåsen deler trekket seg og går ned mot Sævellavatnet og Tverrdalen mot Fusa.

2. Trengereid-Baggeskardet

Trekket går frå vinterbeitet vest for Nordbø og sørover langs Samnangerfjorden mot Os.

3. Kvamskogen-Grøet

Går frå Furedalen, over Tordalselva og Raunebottdalen mot Grøet.

4. Byrkjefjellet-Totlandsfjellet

Går frå Byrkjefjellet og over Teigaelva, ned Hullabotnen mot Totlandsfjellet.

5. Totlandsfjellet-Gjønavatn

Går frå Totlandsfjellet over Frølandselvi og mot Gjønavatnet.

6. Bukkafjellet-Helleberget

Går frå Bukkafjellet på grensa til Vaksdal, sørover Klungerdalen og over Helleberget ved Fiskevatnet.

7. Trengereidfjorden

Går frå vinterbeiteområdet kring Liahæddi og Hytteheiane. Kryssar fjorden på det smalaste.

8. Langatjørna-Oppheim

Trekket går frå fjellområda kring Langatjørna og ned til Oppheim.

9. Hisdalsfjellet-Krånipa

Går frå Hisdalsfjellet, over fjellet og ned Våg-halsgjelet.

10. Leitet-Holmavatnet

Går frå vinterbeiteområdet ved Årland til Trollbotn i Bergen kommune.

11. Årland-Bogafjellet

Går frå vinterbeiteområdet ved Årland over Fitjavatnet og ned Bogadalen i Vaksdal.

12. Merkesåsen-Høystakken

Går frå Merkesåsen, langs Fitjavatnet til områda kring Høystakken i Vaksdal.

13. Fiskevatnet-Blåfjell

Går frå Blåfjell i Vaksdal over fjellet ned mot Fiskevatnet.

14. Bjørmdalen-Høysæteri

Går frå beiteområdet vest for Totlandsfjellet og nordaustover mot Høysæter.

15. Nordodden-Djupviki

Trekk frå vinterbeiteområdet i områda kring Djupvikåsen til vinterbeiteområda i Liahæddi. Trekket kryssar fjorden på det smalaste.

14. Eineråsen-Årland

Går frå skogområda kring Eineråsen over vegen aust for Brunane. Kryssar så hovudvegen og går mot vinterbeiteområda ved Årland.

15. Storelva

Trekket går frå Eineråsen til Oppheim. Kryssar vegen sør for Grasdalen.

16. Bjørmdalen-Austbø

Går frå Bjørmdalen og skogområda vest for Totlandsfjellet, over Storelvi og vegen mot Austbø.

8. TRUA OG SÅRBARE ARTAR I SAMNANGER

RAUDLISTER

For å oppnå større fokus på artar som er sjeldne, truga eller i tilbakegang, er det utarbeidd spesielle oversikter over slike artar, med ei vurdering av dagens bestand og bestandsutvikling. Det er dette som blir kalla raudlister. IUCN (International Union for the Conservation of Nature) gir ut slike lister på verdsbasis og mange land har gitt ut nasjonale raudlister. Den offisielle norske raudlista blir utgitt av Direktoratet for naturforvaltning. Dei siste åra har også enkelte fylkesmenn utgitt fylkesvise (regionale) raudlister. Meininga med regionale raudlister er å rette fokus på regional bestandssituasjon og dermed sikre at tiltak blir gjennomført for å sikre levedyktige bestandar også på lokalt og regionalt plan. Nokre artar på den nasjonale raudlista kan vere relativt vanlege regionalt og lokalt. I slike tilfelle har det aktuelle fylket eller den aktuelle kommunen eit særskilt forvaltingsansvar. Ei raudliste kan òg innehalde artar som er i framgang, men som i nær fortid har hatt sterkt reduserte bestandar (t.d. havørn).

Raudlistene må reviderast relativt ofte etterkvart som kunnskapen om artane aukar (situasjonen for enkelte artar kan òg endre seg relativt raskt). Nasjonale raudlister blir gjerne reviderte kvart femte år. Raudlista denne rapporten byggjer på er *Nasjonale raudliste for truete arter i Norge 1998* (DN 1999). Det er òg utarbeidd ei regional raudliste for Hordaland: *Handlingsplan for truete og sårbare viltarter i Hordaland* (Danielsen 1996). Dei ulike kategoriane ein finn i den siste utgåva av den nasjonale raudlista er definerte under.

Utrydda - Ex (Extinct)

Artar som har forsvunne som reproduserande i landet. Omfattar vanlegvis artar som ikkje har vore påvist dei siste 50 åra.

Direkte trua - E (Endangered)

Artar som står i fare for forsvinne i nær framtid dersom dei negative faktorane fortset å virke.

Sårbar - V (Vulnerable)

Artar med sterk tilbakegang, som kan gå over i gruppa direkte trua dersom dei negative faktorane fortset å virke.

Sjeldan - R (Rare)

Artar som ikkje er direkte trua eller sårbare, men som likevel er i ein utsett situasjon, fordi dei er knytt til eit avgrensa geografisk område eller ein liten bestand med spreidd og sparsam utbreiing.

Omsynskrevjande - DC (Declining, care demanding)

Artar som ikkje tilhøyrrer føregåande kategoriar, men som grunna tilbakegang krev spesielle omsyn og tiltak.

Bør overvakast - DM (Declining, monitor species)

Artar som har gått tilbake, men som ikkje blir rekna som trua. For desse er det grunn til å halde eit auge med bestandssituasjonen.

Ansvarsartar

Ei raudliste inneheld òg ei oversikt over såkalla ansvarsartar. Dette gjeld artar som det aktuelle landet har eit spesielt forvaltingsansvar for, fordi store delar av bestanden på gitte tidspunkt oppheld seg i landet. Ansvarsartar treng ikkje vere sjeldne eller truga. Døme på norske ansvarsartar som er vanlege er fjellrype og bergirisk.

VIKTIGE TRUGSMÅL MOT VILTET

Mange plante- og dyreartar er naturleg sjeldne, men mange er i tilbakegang som følgje av menneskeleg aktivitet. Her er lista opp nokre viktige typar trugsmål mot biologisk mangfald:

Handel med ville dyr blir rekna som den tredje største illegale marknaden på verdsbasis. Særleg i tropiske strøk kan samling vere eit problem for allereie fåtalige artar. I vårt land er slik ulovleg handel i første rekkje knytt til rovfuglar og kanskje særleg vår største falk; jaktfalken.

Intensiv jakt eller forfølging har ført til at enkelte dyreartar har blitt utrydda eller gått kraftig tilbake. Døme frå vårt land er fjellrev og dei store rovdyra gaupe, ulv, bjørn og jerv.

Miljøgifter utgjør eit alvorleg trugsmål mot enkelte artar. Rovdyr er spesielt utsette, fordi giftstoffa blir meir konsentrerte for kvart ledd i næringskjeda. Vandrefalken er eit klassisk døme på dette: Bruk av DDT i landbruket førte til at vandrefalken fekk problem med reproduksjonen (eggskalfortynning), og bestanden gjekk kraftig tilbake. Etter at bruken av DDT vart forbode har bestanden tatt seg opp att og er framleis i vekst.

Innføring av framande artar. På mange av Stillehavsoyane står mange bakkerugande fuglearter i ferd med å forsvinne som ei følgje av introduksjon av katt og rotter. I vårt land er minken eit døme på introduksjon av ein art som har fått uheldige følgjer (Minken er opprinneleg ein nordamerikansk art som vart importert til Noreg som pelsdyr). Mange sjøfuglkoloniar på øyar nær fastlandet lid periodevis store tap grunna minken sin predasjon på egg og ungar.

Øydelegging av naturtypar og leveområde. Det hjelper lite å verne artar dersom ein samtidig ikkje vernar områda artane er avhengige av. Her i landet er problemstillinga først og fremst aktuell i samband med reduksjon i arealet av våtmark og gammalskog og bortfall av enkelte kulturlandskapstypar som følgje av endra driftsformer i landbruket.

Innføring av framande artar og øydelegging av leveområde blir rekna som dei største trugsmåla mot biologisk mangfald.

Tabell 1. Raudlista viltartar i Samnanger. For artar med tilfeldig førekomst er trugsmål ikkje nemnt.

Status i Noreg	Artar	Førekomst i Samnanger	Moglege lokale trugsmål
Direkte truga (E)	Stor salamander	Berre ein lokalitet intakt i dag, men status usikker.	<ul style="list-style-type: none"> • Utsetting av fisk, drenering og utfylling av dammar
Sårbar (V)	Hønehauk	Fåtalog hekkefugl, 3-5 hekkande par	<ul style="list-style-type: none"> • Redusert areal av gammalskog • Hogging av reirtre • Blyforgiftning (via skadeskotne ryper)? • Faunakriminalitet
	Jaktfalk	Mogleg hekkefugl	<ul style="list-style-type: none"> • Kraftlinjer
	Hubro Vendehals Kvitryggspett	Usikker, men mogleg hekkefugl Fåtalog hekkefugl Fåtalog hekkefugl	<ul style="list-style-type: none"> • Bortfall av beitemark og skogsbeite? • Reduksjon i areal av gammalskog • Mangel på ståande, død ved
Sjeldan (R)	Songsvane Kongeorrn	Regelmessig vintergjest Fåtalog hekkefugl, 1-2 par	<ul style="list-style-type: none"> • Kraftlinjer • Forstyrning på hekkeplass • Faunakriminalitet
	Fiskeørn Jerv	Sjeldan og tilfeldig gjest Tilfeldige streifdyr	- -
Omsynskrevjande (DC)	Smålom	Truleg fåtalog hekkefugl, 1-2 par	<ul style="list-style-type: none"> • Drukning i fiskegarn
	Storlom Havørn	Fåtalog hekkefugl, 1-2 par Jamleg observert, men truleg ikkje hekkefugl	<ul style="list-style-type: none"> • Drukning i fiskegarn • Reduksjon i areal av gammalskog • Forstyrning på hekkeplass
	Fjellmyrløpar Gråspett	Sjeldan gjest Fåtalog hekkefugl	- <ul style="list-style-type: none"> • Redusert areal av eldre lauv- og blandingskog • Mangel på død ved
Bør overvakast (DM)	Nattravn	Sjeldan	<ul style="list-style-type: none"> • -
	Piggsvin	Relativt fåtalog	<ul style="list-style-type: none"> • Påkøyrslar
	Skjeggflaggermus	Truleg fåtalog	?
	Dvergflaggermus	Truleg relativt vanleg	?
	Langøyreflaggermus	Truleg fåtalog	?
	Oter Gaupe	Observert Tilfeldige streifdyr	<ul style="list-style-type: none"> • Drukning i fiskegarn -

Tabell 2. Norske ansvarsartar i Samnanger

Årstid	Art	Norsk del (%) av europeisk bestand	Førekomst i Samnanger
Hekkebestand	Havørn	45	Jamleg observert, ingen hekking registrert
	Jaktfalk	38	Mogleg hekkefugl (1 par)
	Fjellrype	42	Vanleg hekkefugl i fjellet
	Raudstilk	35	Truleg fåtalog hekkefugl
	Svartbak	31	Jamleg observert, mogleg hekkefugl
	Skjærpiplerke	88	Regelmessig observert
	Bergirisk	59	Vanleg hekkefugl
Vinterbestand	Storskarv	30	Fåtalog men regelmessig vintergjest
	Siland	30	Fåtalog hekkefugl
Heile året	Lemen	Minst 25	Vanleg i fjellet, flukterande bestand
	Oter	Minst 25	Usikker, truleg særst fåtalog
	Jerv	Global raudlisteart	Tilfeldige streifdyr

9. STATUS FOR VILTET I SAMNANGER

AMFIBIAR

Stor salamander *Triturus cristatus* **Dir. truga (E)**

Tidlegare kjende ein til minst tre lokalitetar med stor salamander i Samnanger (Dolmen 1997). To av desse har for ei tid sida blitt grøfta og drenert, og dermed mist sin verdi som salamanderhabitat. I dag er berre ein lokalitet intakt, men det er uvisst om arten framleis finst her.

Frosk *Rana temporaria*

Relativt vanleg. Førekjem i store delar av kommunen. M.a. observert ved Lavrandsfossen ved Kvitingen, ca. 500 moh.

Padde *Bufo bufo*

Relativt vanleg i ytre delar av kommunen, men er nok mindre talrik enn frosk.

KRYPDYR

Hoggorm *Vipera berus*

Stadvis vanleg art, og truleg utbreidd over det meste av kommunen.

FUGLAR

Blant landlevande virveldyr står fuglane i ei særstilling når det gjeld utbreiing og artsrikdom. I Samnanger er det registrert 122 fugleartar. Av desse er omlag 80 registrerte som hekkefuglar. Samanlikna med mange andre kommunar i Hordaland, særleg dei ytre kystkommunane, er desse tala lave. I Bømlo til dømes, er det registrert 224 fugleartar med omlag 120 hekkeartar (Steinsvåg & Overvoll 2003). Årsaka til at artstalet for Samnanger er lavt, ligg m.a. i at kommunen ligg for langt inne i landet i forhold til trekkleia for mange trekkfuglar. Samnanger har dessutan lite av grunne marine område som kan gje grunnlag for hekke- og vinterbestandar av sjøfugl. Det har kanskje òg litt å seie at kommunen opp gjennom tidene har hatt låg aktivitet av hobbyornitologar.

Kvalitetssikring av fugleobservasjonar

Å artsbestemme fuglar i felt kan ofte vere svært vanskeleg, sjølv for erfarne ornitologar. Enkelte artar er svært like av utsjånad, og faktorar som lysforhold, observasjonsavstand og observasjonstid gjer artsbestemminga ofte svært vanskeleg. For å kvalitetssikre fugleobservasjonar har Norsk Ornitologisk Forening, difor oppretta ekspertutval som vurderer innrapporterte observasjonar. Det regionale organet for kvalitetssikring heiter **LRSK** (Lokal rap-

porterings- og sjeldenhetskomité), og det finst ein slik komite i kvart fylke. Enkelte artsfunn må imidlertid godkjennast av ein nasjonal komité **NSKF** (Norsk sjeldenhetskomité for fugl). Det er utarbeidd lister over kva artar som krev godkjenning av desse komiteane. Artsfunn blir publiserte i årlege rapportar i lokaltidsskriftet for NOF Hordaland, Krompen, av LRSK og i NOF sitt nasjonale tidsskrift, *Ornis Norvegica*, av NSKF. Desse publikasjonane inneheld òg observasjonsdato, observasjonsstad og namn på observatør.

Denne viltrapporten følgjer NOF sin praksis på dette feltet. Blant artar som krev godkjenning av LRSK eller NSKF er difor berre artar med godkjende funn rekna som offisielle. For desse blir det referert til aktuelle publikasjonar frå sjeldanhetiskomiteane. For enkelte uvanlege eller spesielle observasjonar som ikkje krev godkjenning, er det referert til andre skriftlege kjelder eller til observatør.

Meir stoff om LRSK sitt arbeid finn du på NOF-Hordaland sine internettsider. Her er det m.a. lagt ut oppdaterte lister over artar som må godkjennast og rapporterings skjema for nedlasting: <http://cyberbirding.uib.no/nof/lrsk/>.


LOMMAR

Smålom *Gavia stellata* **Omsynskrevjande (DC)**

Fåtalig hekkefugl, 1-2 par. Hekkar nær vasskanten, ofte i små fisketomme vatn.

Storlom *Gavia arctica* **Omsynskrevjande (DC)**

Fåtalig hekkefugl, 1-2 par. Blir m.a. jamleg observert i Sævellavatnet og Stemmevatnet. Reiret blir plassert i vasskanten, ofte på torvbreidder i litt større, fiskerike vatn.



STORMFUGLAR

Havsvale *Hydrobates pelagicus*

Eit individ i samlinga ved Zoologisk Museum Bergen ber merkelappen Haga, Samnanger, og er datert november 1951. Havsvala er ein såkalla pelagisk art som normalt berre kjem inn

til kysten for å hekke. Kraftige pålandsvind kan av og til tvinge enkeltindivid inn i fjordområda, men dette skjer nok svært sjeldan.

SKARVAR

Storskarv *Phalacrocorax carbo* **Ansv. vinterbestand**
Fåtalig men regelmessig vintergjest. Kan òg sjåast på fjorden haust og vår.


STORKEFUGLAR

Gråhegre *Ardea cinerea*
Relativt fåtalig hekkfugl. Ein hekkekoloni er registrert på holmen i Nordvikvatnet.

Stork *Ciconia ciconia*
Eit individ vart observert på Nordvik 14/10-1999 (Falkenberg 2001).

ANDEFUGLAR

Songsvane *Cygnus cygnus* **Sjeldan (R)**
Fåtalig, men relativt regelmessig vintergjest. Frølandsvatnet er ein stabil overvintringslokali- tet for opptil 20-30 individ. Er det isfritt kan songsvane òg observerast i andre vatn som Skardsvatnet og Nordvikvatnet.



Grågås *Anser anser*
Trekkande individ kan observerast vår og haust. Det er årleg observert over 100 rastan- de grågjess ved Sotabottsvatnet i Kvitingen (Eivinn Tysseland).

Krikkand *Anas crecca*
Sannsynleg hekkfugl. Arten trivest i grunne næringsrike vatn og tjørn.

Stokkand *Anas platyrhynchos*
Vanleg hekkfugl. Hekkar ved mange grunne og næringsrike tjørn i Samnanger. Ungekull er m.a. registrert på Nordvikvatnet (Johan Røss- land pers. medd.).

Toppand *Aythya fuligula*
Fåtalig, men relativt stabil overvintringsgjest. Arten blir m.a. jamleg observert vår og haust i Nordvikvatnet (Idar Reistad pers. medd.).

Ærfugl *Somateria mollissima*
Hekkar ytst langs kysten, og blir i Samnanger oftast observert på fjorden utanom hekke- sesongen.

Kvinand *Bucephala clangula*
Relativt fåtalig gjest utanfor hekketida. Kan sjåast både på fjorden og i ferskvatn. Fast vintergjest m.a. i Frølandsvatnet.

Siland *Mergus serrator* **Ansv. vinterbestand**
Fåtalig hekkfugl. Blir òg observert i Sam- nangerfjorden utanom hekketida.

Laksand *Mergus merganser*
Førekjem fåtalig men regelmessig utanom hekketida. Kan oftast sjåast i opne fiskerike vatn, t.d. i Frølandsvatnet.

ROVFUGLAR

Havørn *Haliaeetus albicilla* **Omsynskrevjåde (DC)**
Ansv. vinterbestand
Blir observert regelmessig heile året, særlig langs fjorden, men har blitt observert heilt oppe ved Kvitingen. Nærmaste kjende hekkeplass ligg i Fusa.

Hønehauk *Accipiter gentilis* **Sårbar (V)**
Fåtalig hekkfugl med anslagsvis 3-5 hekkande par. Fordi hønehauken tradisjonelt er knytt til større, samanhengande område med eldre furuskog, er arten særleg sårbar i forhold til moderne skogdrift.

Sporvehauk *Accipiter nisus*
Sannsynleg fåtalig hekkfugl. Truleg meir van- leg enn hønehauken, men er ikkje konstatert hekkande i Samnanger.

Fjellvåk *Buteo lagopus*
Fåtalig hekkfugl, men kanskje den vanlegaste rovfuglen i Samnanger. Smågnarspesialist som kan stå over hekking i dårlege smån- garår, det kan difor vere relativt store svinging- ar i hekkebestanden. Fjellvåken er knytt til områda i og over skoggrensa. Er registrert hekkande m.a. ved Kvitingen (Eivinn Tysse- land pers. medd.), og ved Fitjvatnet (Johan Røssland pers. medd.).

Kongeørn *Aquila chrysaetos* **Sjeldan (R)**
Fåtalig hekkfugl. Truleg hekkar 1-2 par innan kommunegrena. Kongeørna er knytt til fjellskog

og opne fjellområde. Eit kongørnpar har til vanleg fleire reir dei vekslar mellom. Slike alternative reir kan ligge fleire km frå kvarandre. Vaksne fuglar kan sjåast i territoriet heile året, men ungfuglar trekkjer ofte ut mot kysten i vinterhalvåret.

Fiskeørn *Pandion haliaetus* **Sårbar (V)**
Sjeldan streifgjest. Berre ein observasjon føreligg, eit individ observert 4/5-1981 (LRSK-arkiv). Hekkar i hovudsak i aust- og søraustlege delar av landet.


Tårnfalk *Falco tinnunculus*
Sannsynleg fåtalig hekkefugl. Hekkar i tørre og solvarme, høge bergveggar, gjerne med vegetasjonsrike berghyller. Smågnagarar utgjer den viktigaste næringa. Trekkfugl som forlet landet kring oktober.

Dvergfalk *Falco columbarius*
Mogleg fåtalig hekkefugl. Hekkar i område med stor tettleik av småfugl, ofte i frodige bjørkelier nær vatn, på grensa mot høgfjellet. Trekkfugl, men overvintring i kyststroka kan førekomme.

Jaktfalk *Falco rusticolus* **Sårbar (V)**
Ansvarsart hekkebestand
Mogleg fåtalig hekkefugl. Rypespesialist som lever i fjellet. Byggjer ikkje reir sjølv og er difor avhengig av ravne- og fjellvåkireir. Bestanden har lenge vore i tilbakegang utan at ein er sikker på årsakene til dette.

HØNSEFUGLAR

Lirype *Lagopus lagopus*
Vanleg hekkefugl i fjellbjørk- og vierbeltet. Lirypa føretrekkjer område med skiftande vegetasjon (Pedersen 1994). Fleire faktorar er over tid med på å påverke bestandane av lirype. Faktorar som kan tenkjast å ha negativ verknad på bestanden er m.a. endra bruk av utmarka ved lavare nivå i tradisjonelle aktivitetar, som vedhogst og kvistsanking, endra beitebruk, klimaendringar, auka jaktpress, miljøgifter og bygging av kraftlinjer.



Fjellrype *Lagopus mutus* **Ansvarsart hekkebestand**
Vanleg hekkefugl. Fjellrypa har tradisjonelt tilhald høgare til fjells enn lirypa. Trivest på karrig lyngmark eller blokkmark heilt øvst i vierregionen og opp i lavregionen. I hekkeseongen finn ein ofte fjellrypa i vierregionen medan dei på hausten trekkjer lenger opp i lavregionen. I Noreg har fjellrypa normalt tilhald i det same området året rundt.

Orrfugl *Tetrao tetrix*
Ganske vanleg hekkefugl i variert, høgareliggande skog, ofte bjørkeskog med innslag av opne parti innimellom. Myrkantar og skogkantar mot gamle uteslåttar med god tilgang på lauvtre og rik undervegetasjon, er ofte optimale område for orrfuglen. I skogbruks-samanheng kan det vera fordelaktig for orrfuglen dersom de blir sett att store, gamle bjørketre med raklar. Det er registrert fleire spillplassar for orrfugl i Samnanger.

Storfugl *Tetrao urogallus*
Fåtalig hekkefugl. Ein kjenner til 6 leikar i Samnanger, men status for desse i dag er ukjent. I områda kring Merkesåsen ved Nordbygda ser bestanden ut til å vera god. Rundt 1990 vart registrert 6-8 spelande tiurar på ein leik i dette området, og det var berre 2,5-3 km til naboleiken i aust (Kjoberg & Larsen 1993). Storfuglen er avhengig av mosaikkprega landskap med naturleg gamal furuskog og innslag av myr. Arten blir negativt påverka av skogbruket ved drenering av myrar som er viktige oppvekstområde for kyllingar, og hogst av eldre blåbærfuruskog.

TRANEFUGLAR

Åkerrikse *Crex crex* **Direkte truga (E)**
Var tidlegare mogleg fåtalig hekkefugl, men det er ikkje kjent observasjonar frå Samnanger i nyare tid. Åkerrikse var fram mot midten av 1960-åra eit ganske vanleg innslag i kulturlandskapet fleire stader i Hordaland. Etter innføring av maskinell- og tidlegare slått, forsvann arten som regelmessig hekkefugl.

VADEFUGLAR

Tjeld *Haematopus ostralgeus*
Sannsynleg fåtalig hekkefugl ved fjorden. Hekkar vanlegvis nær strandsona der den kan få tak i skjel og sniglar. Trekkfugl, men enkeltindivid kan overvintrare i dei ytre kyststroka.

Heilo *Pluvialis apricaria*

Hekkar sparsamt i fjellet på tørrare myrar og vidder, m.a. i Gullfjellområdet (Byrkjeland 1995). Trekkfugl, som ofte rastar på dyrka mark.

Vipe *Vanellus vanellus*

Fåtalig hekkefugl i landbruksområde, ofte med vatn og innsjøar i nærleiken. Fleire par hekkar m.a. ved Nordvikvatnet (Byrkjeland 1995). På dyrka mark rett aust for Frølandsvatnet hekkar rundt 10 par. Dette er truleg den største hekkelokaliteten for vipe i Samnanger.

Fjellmyrløpar *Limicola falcinellus* **Oms. brev. (DC)**

Eit individ vart observert på Røyrfjellet 26/8-1995 (Mjøs og Frantzen 1996). Svært sjeldan art, berre sju funn i fylket. Hekkar i aude fjellområde, ofte på våte grasmyrar, langt aust og nord i landet.

Enkeltbekkasin *Gallinago gallinago*

Ganske fåtalig hekkefugl i kulturlandskap og våtmark med lav vegetasjon. Trekkfugl, men overvintring førekjem ofte ved kysten.

**Rugde** *Scolopax rusticola*

Relativt fåtalig hekkefugl i fuktig blandingskog, rike på meitemark som er viktig føde. Arten er kanskje mest kjent for "rugdetrekket" der hannfuglane flyg over territoriet sitt i skumringa vår og sommar.

Raudstilk *Tringa totanus*

Fåtalig hekkefugl i våtmarksområde, ofte knytt til tjern og vatn og sjåast òg langs fjorden. Raudstilken er lett å kjenne att på låten. Eit par viste hekkeåtferd ved ei lita tjern nord for Stemmevatnet sommaren 2003 (M.J. Steinsvåg).

Strandsnipe *Actitis hypoleucos*

Ganske vanleg hekkefugl nær vatn og vassdrag. Trekkfugl.

JOAR, MÅSAR OG TERNER

Fiskemåse *Larus canus*

Relativt fåtalig hekkefugl. Mindre hekkekoloniar er registrert m.a. på Notaholmane og på Furuøyna.

Sildemåse *Larus fuscus*

Sjåast fåtalig men regelmessig langs fjorden sommarstid. Hekking er ikkje kjent.

Gråmåse *Larus argentatus*

Fåtalig hekkefugl ved fjorden, nokre få par m.a. registrert på Furuøyna. Ganske vanleg langs fjorden vinterstid.

Svarbak *Larus marinus* **Ansvarsart hekkebestand**

Sjåast fåtalig men regelmessig ved fjorden heile året. Hekking er ikkje kjent.

Makrellterne *Sterna hirundo*

Mogleg fåtalig hekkefugl. Hekkar i koloniar, ofte på skjer eller holmar. Kolonihekking saman med måseartar er ikkje uvanleg. Hekking i Samnanger er ikkje kjent.

DUER

Ringdue *Columba palumbus*

Truleg fåtalig hekkefugl i skogområde tilknytt jordbruksareal. Er i hovudsak trekkfugl, men overvintring kan førekomme.

Tyrkerdue *Streptopelia decaocto*

Mogleg fåtalig hekkefugl. Tyrkerdua er tilknytt kulturmarksområde, ofte med hagar og tettstadar.

GAUKAR

Gauk *Cuculus canorus*

Fåtalig hekkefugl. Gauken er reirparasitt og heipiplerka er blant dei mest nytta vertartane.

UGLER

Hubro *Bubo bubo***Sårbar (V)**

Eit individ m.a. observert ved Kvanneviksvatnet 8/7-2003 (Hans Kristian Stenerud pers. medd.). Hubroen er kjent for å nytte høgs spentmaster som sitjepost under jakt og er utsett for elektrokusjon ved letting og landing. Undersøkingar har vist at mange individ dør som følgje av kraftlinjer (Fremming 1986). I Hordaland er hubroen først og fremst knytt til kyststroka. Ein kjenner ikkje til konkrete hekkeklassar i Samnanger.

Haukugle *Surnia ulula*

Relativt sjeldan streifgjest. Nomadisk art som kan opptre relativt vanleg etter gode produksjonsår på taigaen med påfølgjande samanbrot i smågnagarbestandane. To individ er rapportert frå Samnanger hausten 1983 (Jacobsen 1984).

Kattugle *Strix aluco*

Fåtalog hekkefugl, men truleg den vanlegaste av uglene i Samnanger. Kattugla tar i hovudsak smågnagarar. Kan hekke i nærleiken av hus, og blir ofte høyrte i nærmiljøet. Tar gjerne i bruk større fuglekassar.

Hornugle *Asio otus*

Det føreligg eit hekkefunn frå 1978 (Norsk Hekkefugldatabase). Jaktar som regel i ope terreng med bra tettleik av smågnagarar (Sonerud 1994). Trivest i heterogent jordbrukslandskap med innslag av dyrka mark og barskog. Hekkar i kvistreir, ofte gamle kråkereir.

Jordugle *Asio flammeus*

Eit individ er rapportert frå Samnanger 30/10-1981 (Osaland 1983). Mogleg hekkefugl i fjellområda i gode smågnagarår.

Perleugle *Aegolius funereus*

Eit individ vart funne skada ved Kvitingen i 1975 (Anon. 1976). Perleugla kan som haukugla opptre invasjonarta. Hekkar i hovudsak i indre delar av landet, og er først og fremst tilknytt eldre barskog.

NATTRAVNAR

Nattravn *Caprimulgus europaeus* **Bør overv. (DM)**

Eit individ observert ved Kvitingen juli 1988 (LRSK-arkiv). Svært uvanleg funn. Arten hekkar hos oss svært fåtalog rundt Oslofjorden og på Sørlandet og er berre observert 11 gongar i Hordaland.

SPETTEFUGLAR

Vendehals *Jynx torquilla* **Sårbar (V)**

Sjeldan hekkefugl i lauv- og blandingsskog, ofte i nærleiken av kulturlandskap. Dette er den einaste av spettefuglane som trekker sør- over om vinteren.

Gråspett *Picus canus* **Omsynskrevjande (DC)**

Fåtalog hekkefugl. Hekkar nesten utelukkande i osp, og er difor tilknytt område med tilgang på eldre ospetre (Gjerde & Sætersdal 1996). Ofte i eldre furuskog med innslag av osp og død ved som er viktig ved næringsøk.

Grønspett *Picus viridis*

Mogleg fåtalog hekkefugl. Trivst i lysopne skogar med lav undervegetasjon. I slikt habitat søker den ofte etter maur på bakken. Grev ofte ut maurtuer på ein karakteristisk måte.

Flaggspett *Dendrocopos major*

Truleg fåtalog hekkefugl. Flaggspetten er konglespesialist og er difor mindre avhengig av eldre skog enn dei andre spettane. Søkalla spettesmier er det alltid flaggspetten som står bak. Flaggspetten blir ofte sett vinterstid og kjem gjerne på fuglebrettet. Kan enkelte haustar/ vintrar opptre invasjonarta.

**Kvitryggspett** *Dendrocopos leucotos* **Sårbar (V)**

Fåtalog hekkefugl. Hekking påvist på m.a. på Tveit i mai 1996 (Mjøs & Frantzen 1997), men hekkar nok i gammal skog fleire stadar i kommunen. Kvitryggspetten er avhengig av større areal med gammalskog og god tilgang på ståande, død ved (Gjerde & Sætersdal 1996).

SPORVEFUGLAR

Sandsvale *Riparia riparia*

Har tidlegare hekka i sandtaket ved hovudvegen ved Frøland, men hekkar truleg ikkje i kommunen i dag. Kolonien ved Frøland var i si tid nokså stor. I 1977 vart det registrert 120 reirhol og 90 av desse såg ut til å vere i bruk (Håland 1977).

Taksvale *Delichon urbica*

Fåtalog hekkefugl. Reiret blir limt fast under takskjegget på bygningar eller under overheng i bergveggar. Klippehekking er ikkje kjent frå Samnanger.

Låvesvale *Hirundo rustica*

Relativt vanleg hekkefugl i tilknytning til kulturlandskapet. Plasserer ofte reiret i driftsbygningar og naust.

Trepierlerke *Anthus trivialis*

Vanleg hekkefugl i nesten allslags skog. Vel helst litt open skog eller skogkantar ut mot myrområde.

Heipierlerke *Anthus pratensis*

Vanlig og talrik hekkefugl i bjørkebeltet og i fjellet. Vil helst ha område med låg vegetasjon.

Skjærpierlerke *Anthus petrosus* **Ansv. hekkebest.**

Regelmessig observert haust og vinter. Arten er tilknytt stein- og klippeterrang langs den ytre kysten.

Vintererle *Motacilla cinerea*

Eit individ observert på Tveit mai 1999 (Falkenberg 2000). Arten har normalt tilhald i nærleiken av vatn rennande vatn. Hekkar svært fåtalig i vårt fylke, m.a. 5-6 faste hekkeplassar i Voss.

Linerle *Motacilla alba*

Vanleg hekkefugl i kulturlandskapet og langs vassdrag i heile kommunen.

**Sidensvans** *Bombycilla garrulus*

Opptre relativt regelmessig i flokkar på 10-30 individ vinterstid.

Fossefall *Cinclus cinclus*

Ganske fåtalig hekkefugl ved rennande vatn. Plasserer gjerne reiret i bergveggar eller markoverheng ved elvekanten, men tar òg i bruk nisjer i bruer o.l. Har m.a. hekka i vindaugskarmen mot kanalen på Frøland kraftverk. I eigna vassdrag er det gjerne 1-1.5 km mellom hekkepara. Hekkebestanden i Samnanger ligg truleg på rundt 50 par.

Gjerdsmett *Troglodytes troglodytes*

Vanleg og talrik hekkefugl i skog og kantvegetasjon.

Jernsporv *Prunella modularis*

Vanleg hekkefugl. Vel helst skog med rik undervegetasjon, ofte i nærleiken av dyrka mark.

Raudstrupe *Erithacus rubecula*

Vanleg hekkfugl i både bar- og lauvskog, men ser ut til å unngå bjørkeskogen opp mot skoggrensa. Overvintring er relativt vanleg.

Blåstrupe *Luscinia svecica*

Truleg fåtalig men regelmessig hekkefugl ved våtmarker i bjørke- og vierregionen.

Raudstjert *Phoenicurus phoenicurus*

Truleg fåtalig hekkefugl i eldre furuskog på skrinne mark. To syngande individ vart m.a. registrert i Samnanger i 1981 (Osaland 1983).

Buskskvett *Saxicola rubetra*

Ganske fåtalig hekkefugl ved kulturmark og rikare våtmarksområde i låglandet.

Steinskvett *Oenanthe oenanthe*

Ganske fåtalig hekkefugl i områda ovanfor skoggrensa. Karakterart for seterlandskapet.

Ringtrast *Turdus torquatus*

Ganske vanleg hekkefugl i skoggrensa. God hekkebestand er registrert m.a. i Gullfjellsområdet (Byrkjeland 1995).

Svartrast *Turdus merula*

Vanleg og talrik hekkefugl både i skog og i kantskog i kulturlandskapet.

Gråtrast *Turdus pilaris*

Vanleg og stadvis talrik hekkefugl i kantskog, mellom mindre skoglappar og dyrka mark. Hekkar både enkeltvis og i større koloniar.

Måltrast *Turdus philomelos*

Vanleg hekkefugl i både lauv- og barskog.

Raudvengetrast *Turdus iliacus*

Talrik hekkefugl i dei fleste skogtypar.

Gulsongar *Hippolais icterina*

Fåtalig hekkefugl i lauvskog med tett undervegetasjon. Karakterart for sumpskog med or.

Tornsongar *Sylvia communis*

Fåtalig hekkefugl ved eng og kantskog.

Hagesongar *Sylvia borin*

Mogleg fåtalig hekkefugl i rik skog med tett vegetasjon.

Munk *Sylvia atricapilla*

Ganske vanleg hekkefugl i litt rik lauvskog og kantskog.

Bøksongar *Phylloscopus sibilatrix*

Sjeldan. Eit syngjande individ vart registrert ved Høysæter i juni 1980 (Osaland 1981).

Gransongar *Phylloscopus collybita*
Fåtalig hekkefugl i skog, gjerne litt eldre lauv- og blandingskog (namnet er såleis misvisande).

Lauvsongar *Phylloscopus trochilus*
Særs talrik hekkefugl. Mest talrik i lauv- og blandingskog, men finnast i nær sagt all slags skog.

Fuglekonge *Regulus regulus*
Truleg vanleg hekkefugl i barskog.

Gråflugesnappar *Muscicapa striata*
Relativt vanleg hekkefugl i open, frodig skog, ofte i nærleiken av kulturmark.

Svartkvitflugesnappar *Ficedula hypoleuca*
Vanleg hekkefugl. Hekkar i hovudsak i skog, men er avhengig av å finne passande reirhol. Er òg vanleg nær kulturmark og bustadområde og tar ofte i bruk fuglekassar.

Stjertmeis *Aegithalos caudatus*
Fåtalig hekkefugl i lauv- og blandingskog. Blir kanskje oftast observert i mindre flokkar vinterstid.

Lauvmeis *Parus palustris*
Relativt vanleg hekkefugl i lauv- og blandingskog.

Granmeis *Parus montanus*
Vanleg og talrik hekkefugl i skog. Er elles vanleg på fuglebrettet vinterstid. Som lauvmeis er granmeisa holrugar, og kan gjerne hakke ut reirholet sjølv, dersom treverket ikkje er for hardt.

Toppmeis *Parus cristatus*
Vanleg hekkefugl i furuskog. Holrugar, og kan sjølv hakke ut reirholet sitt i ein roten stubbe.

Svartmeis *Parus ater*
Relativt vanleg hekkefugl i barskog. Vil helst ha tilgang på gran. Kan hekke i naturlege holrom på bakken eller i fuglekassar.

Blåmeis *Parus caeruleus*
Vanleg og talrik hekkefugl. Hekkar ofte i fuglekassar. Vanleg å sjå på fuglebrettet vinterstid.

Kjødmeis *Parus major*
Vanleg og talrik hekkefugl. Hekkar ofte i fuglekassar. Hyppig gjest på fuglebrettet.

Spettmeis *Sitta europaea*
Relativt vanleg hekkefugl. Spettmeisa er ein klassisk lauvskogsfugl, og vil helst ha tilgang

på eldre, grove lauvtre. Eike- og hasselnøtter er viktig vinterføde.

Trekrypar *Certhia familiaris*
Sannsynleg fåtalig hekkefugl. Trivest best i eldre barskog, men kan òg hekke i lauv- og blandingskog.


Varslar *Lanius excubitor*
Eit utfloge kull vart registrert ved Høysæter i juni 1978 (Sætersdal 1980). Dette er det einaste hekkefunnet av varslar i Hordaland. Arten er òg observert ved Høysæter 16/10-1984 (utan indikasjonar på hekking) og 8/2-2000.

Nøtteskrike *Garrulus glandarius*
Ganske fåtalig hekkefugl i furuskogsområde. Besøker gjerne fuglebrettet vinterstid.

Skjor *Pica pica*
Vanleg hekkefugl nær busette område og kulturmark.

Nøttekråke *Nucifraga caryocatactes*
Sannsynleg fåtalig hekkefugl. Hekkar som regel i granskog i nærleiken av lauvskog med bra tilgang på hasselnøtter. Eit individ høyrte ved Merkesåsen 12/8-2003.

Kråke *Corvus cornix*
Vanleg hekkefugl. Hekkar ofte i kulturlandskap og nært bustadområde.



Ravn *Corvus corax*
Fåtalig hekkefugl. Hekkar i bergveggjar. Ravnene kan vere ein viktig reirbyggjar for jaktfalken som ikkje byggjer reir sjølv.

Stare *Sturnus vulgaris*
Vanleg hekkefugl i tilknytning til jordbruksareal og beitemark.

Gråspurv *Passer domesticus*
Hekkar nokre stader ved bustadområde og kulturlandskap.

Bokfink *Fringilla coelebs*
Vanleg og talrik hekkefugl i skog, særleg lauvskog.

Bjørkefink *Fringila montifringilla*
Vanleg hekkefugl i høgareliggande bjørkeskog.

Grønfink *Carduelis chloris*
Truleg ganske vanleg hekkefugl i kulturlandskapet. Plasserar ofte reiret i prydbuskar, einer eller i ein hekk.

Grønsisik *Carduelis spinus*
Truleg relativt vanleg hekkefugl i barskog, men kan òg hekke i lauvskog.

Bergirisk *Carduelis flavirostris* **Ansv. hekkebestand**
Vanleg hekkefugl i vegetasjonsfattige berg-
hamrar, og har oftast tilhald ovanfor skoggrensa.

Brunsisik *Carduelis cabaret*
Truleg relativt vanlig hekkefugl i lågareliggande furuskog. Arten var inntil nylig rekna som ein underart av gråsisik, men både utbreiing, draktforskjellar og storleik gjer at brunsisiken no har fått status som eigen art. Det kan likevel vere svært vanskelig å skilje desse artane frå kvarandre. Brunsisiken er knytt til kystnære furuskogsområde i Sør-Noreg. Arten opptre også vanlig i større og mindre flokkar i trekktidene og om vinteren, gjerne i blandingsflokkar med gråsisik.

Gråsisik *Carduelis flammea*
Truleg vanlig hekkefugl i fjellbjørkeskogen. Har som hekkeart langs kysten ei meir nordleg utbreiing enn brunsisiken, og er i vårt fylke knytt til bjørkeskogen i indre fjordstrøk og områda opp mot bjørkebeltet. Arten opptre også vanlig i større og mindre flokkar i trekktidene og om vinteren, gjerne i blandingsflokkar med brunsisik.

Grankorsnebb *Loxia curvirostra*
Truleg fåtalig hekkefugl i eldre barskog. Invasjonsart som enkelte år kan opptre i store tal utanfor hekketida.

Furukorsnebb *Loxia pytyopsittacus*
Truleg fåtalig hekkefugl i eldre barskog. Hekkar som regel i glissen furuskog. Kan også opptre relativt vanleg i vinterhalvåret, men opptre ikkje like invasjonsarta og er mindre talrik enn grankorsnebb.

Rosenfink *Carpodacus erythrinus*
Ein syngande hann vart observert i Ådlandslia 29/5-1988 (Mjøs 1989).

Dompap *Pyrrhula pyrrhula*
Sannsynleg fåtalig hekkefugl i barskog. Kan òg hekke i skog dominert av lauvtre. Dompapen er vanleg å sjå på fuglebrettet vinterstid.

Snøsporv *Plectrophenax nivalis*
Ganske fåtalig hekkefugl i fjellområda. Hekkefunn føreligg m.a. frå Gullfjellplatået (Haftorn 1971).

Gulsporv *Emberiza citrinella*
Mogleg fåtalig hekkefugl. Vil helst ha eit heterogent kulturlandskap med kantsoner og spreidd tresetting. Kan m.a. hekke på hogstflater.


Sivsporv *Emberiza schoeniclus*
Fåtalig hekkefugl ved våtmark, ofte med høg vegetasjon og i nærleiken av vassdrag.

PATTEDYR

INSEKTETARAR

Piggsvin *Erinaceus europaeus* **Bør overvakast (DM)**
Relativt fåtalig art i Samnanger. Piggsvinet trivest i variert kulturlandskap, og kan m.a. ha tilhald i hagar i større tettstader. Piggsvinet er svært utsett for påkøyrslar.

Vanleg spissmus *Sorex araneus*
Vanleg art i Samnanger. Arten har tilhald i både skog og ope terreng, særleg der det er god botnvegetasjon. Arten er m.a. registrert på Tveit, Dukebotn, Fiskevatn og Kleivavatnet (ZMB).



Dvergspissmus *Sorex minutus*
Vanleg art i ulike biotopar. Trivest m.a. godt i skog og lyngvegetasjon. I samlingane til Zoologisk Museum Bergen (ZMB) finn ein fleire eksemplar frå Samnanger, m.a. frå Fiskevatn, Dukebotn og Tveit.

Vannspissmus *Meomys fodiens*
Truleg relativt fåtalig art. Er tilknytt vatn og vassdrag. Eit eksemplar frå Tveit er å finna i Zoologisk Museum Bergen (ZMB).

FLAGGERMUS

Grunna vanskeleg artsbestemming er flaggermus ei dyregruppe ein veit relativt lite om. Fram til 1989 var samlingane ved Zoologisk Museum Bergen den viktigaste kjelda til kunnskapen vår om førekomst og utbreiing av dei ulike flaggermusartane i Hordaland. I 1989 og utover på 1990-talet gjennomførte Tor Stormark feltundersøkingar i samband med ei hovudfagsoppgåve ved Universitetet i Bergen. Han gjennomførte òg undersøkingar finansiert av Fylkesmannen si miljøvernavdeling (ei oppsummering er gitt i Stormark 1996). I 1998 og 1999 gjennomførte Norsk Zoologisk Forening, på oppdrag frå Fylkesmannen si miljøvern-avdeling, ei fylkesdekkande undersøking av flaggermus (Syvertsen m.fl. 2001). Dei nemnde undersøkingane har gitt mykje ny kunnskap om utbreiing og førekomst av flaggermus i Hordaland, og til no er sju artar med sikkerheit registrerte i fylket, fem av dei er òg registrert i Samnanger.

Tre av artane i Samnanger er oppførte i kategorien DM (bør overvakast) på den norske raudlista. Dette er først og fremst eit uttrykk for at ein har lite kunnskap om dei. Flaggermus er elles i ein spesiell forvaltningssituasjon, i og med at både dag-, vinter- og barselkoloniar ofte er knytte til bygningar.

Meir informasjon om flaggermus finn du på internettsidene til Norsk Zoologisk Forening. Her ligg det òg mykje informasjon om dei andre norske pattedyrartane:
<http://www.zoologi.no>

Vannflaggermus *Myotis daubentonii*

Truleg relativt vanleg art. Jaktar insekt over vann og elvar på ein karakteristisk måte. Arten er m.a. registrert ved Sævellavatnet og Frøylandsvatnet (Syvertsen m.fl. 2001).

Skjegg-/Brandtflaggermus

Myotis mystacinus/M. brandtii **Bør overvakast (DM)**

Tre individ av skjegg- eller brandtflaggermus vart registrert jaktande ved gatelyst ved Barmen 12/8-1999 og eit individ vart observert i Nordbygda 3/8-1999 (Syvertsen m.fl. 2001). Skjegg- og brandtflaggermus kan berre skiljast frå kvarandre gjennom innfangning, og sikker artsbestemming er difor ikkje gjort. Mest sannsynlege dreier funna seg om skjeggflaggermus (brandtflaggermus er ikkje påvist i Hordaland).

Nordflaggermus *Eptesicus nilssonii*

Truleg den vanlegaste flaggermusarten i Samnanger, som i resten av fylket. Jaktar ofte under gatelyst, mellom tre og i ope landskap (Isaksen m.fl. 1998). Arten er registrert over store delar av Samnanger, m.a. ved Sævella- vatnet, Loni, Totland og Frølandselvi.

Dvergflaggermus

Pipistrellus pygmaeus

Bør overvakast (DM)


Sannsynleg relativt vanleg art. Jaktar med vinglete og rask flukt nokre meter over bakken. Same jakthabitat som nordflaggermus. Arten er m.a. registrert i Nordbygda, Tysse og Eikedalsvatnet (Syvertsen m.fl. 2001).

Langøyreflaggermus

Plecotus euritus

Bør overvakast (DM)

Truleg fåtalig art tilknytt kulturmark og busette område. Jaktar m.a. på nattsommarfuglar og andre større insekt. Er manøvreringsdyktig, og kan plukke insekt direkte frå bladverk. Overvintrar i m.a. gruvegangar i Noreg (Isaksen m.fl. 1998). Ekskrement og restar etter sommarfuglvingar er funne i Årland kyrkje, elles føreligg ingen konkrete registreringar frå Samnanger (Syvertsen m.fl. 2001).



ROVDYR

Raudrev *Vulpes vulpes*

Relativt vanleg art i Samnanger. Reven er ein klassisk generalist og klarar seg i dei fleste biotopar.

Mink *Mustela vison*

Relativt fåtalig art i Samnanger. Knytt til strandsoner, bekkar og vassdrag. Opphavelg Nord-Amerikansk art som vart innført til Noreg som pelsdyr i 1930-åra. Vile minkar er etterkomarar av rømte farmdyr.

Røyskatt *Mustela ereminea*

Vanleg over heile kommunen. Bestanden svingar i forhold til smånagarbestandane, men røyskatten er elles relativt allsidig i mat-vegen.

Snømus *Mustela nivalis*

Truleg vanleg art i høgareliggande område. Utprega smånagarspesialist. I samlingane ved ZMB ligg eit eksemplar frå Kvitingen.

Mår *Martes martes*

Relativt fåtalig art i gammel naturskog med godt utvikla undervegetasjon.

Oter *Lutra lutra***Bør overvakast (DM)****Ansvarsart**

Tidlegare var truleg oteren ein relativt vanleg art i Samnanger, men har truleg vore heilt borte i mange år. I dei seinare år har det igjen dukka opp meldingar om oter, noko som kan skuldast streifdyr frå ein aukande bestand i ytre Nordhordland. For 5-6 år sidan vart det funnet otersklier ved Kvernesvatnet (Arne Tverlid pers. medd.). Det er òg meldt om observasjonar andre stadar i kommunen (Hans Kristian Stenerud pers. medd.).

Jerv *Gulo gulo***Sjeldan (R)**

Sporadiske streifdyr kan førekome i fjellområda. Eit individ vart observert på Røyrfjellet rundt 1980 (Arne Tverlid).

Gaupe *Lynx lynx***Bør overvakast (DM)**

Streifdyr kan nok førekome sporadisk, men det føreligg ingen konkrete observasjonar frå Samnanger.

HAREDYR

Hare *Lepus timidus*

Vanleg. Blandingsskog tilknytt kulturmark blir normalt rekna som gode harebiotopar, men haren er òg ganske vanleg i fjellet.

GNAGARAR

Ekorn *Sciurus vulgaris*

Vanleg art i skog over heile kommunen.

Brunrotte *Rattus norvegicus*

Truleg stadvis vanleg art i Samnanger, sjølv om ingen konkrete funn føreligg. Brunrotta har tilhald nær busetnad.

Lita skogmus *Apodemus sylvaticus*

Vanleg og talrik. I samlingane til Zoologisk Museum Bergen (ZMB) finn ein fleire individ frå Samnanger. Funn av lita skogmus føreligg m.a. frå Tveit og Fiskevatnet mot Kvitingen. Vanleg i krattskog, ofte nær dyrka mark. Kan ha tilhald i hus og kjellarar om vinteren (blir ofte forveksla med husmusa som er ein sjeldan art i Hordaland).

Markmus *Microtus agrestis*

Vanleg og talrik art over store delar av kommunen. Er m.a. konstatert ved Fiskevatn og Svendsdal mot Kvitingen (ZMB). Markmusa er

kjent for sine store bestandssvingingar og er ein viktig økologisk faktor.

Fjellrotte *Microtus oeconomus*

Førekost av fjellrotte i Samnanger er dokumentert ved fellefangst utført av UiB i 1996, men det er usikkert kor vanleg arten er. Fjellrotta er vanleg i fjellet i austlege delar av fylket.

Gråsidemus *Clethrionomys rufocanus*

Truleg ganske vanleg art i høgareliggjande barskog og i bjørkebeltet. Fleire individ i samlingane hjå Zoologisk Museum Bergen (ZMB) er frå Samnanger, m.a. frå Kleivavatn og Fiskevatn mot Kvitingen.

Klatremus *Clethrionomys glareolus*

Vanleg art i skog. Klatremusa er dokumentert frå fleire stader i Samnanger, m.a. ved Svendsdal og Fiskevatn mot Kvitingen (ZMB).

Lemen *Lemmus lemmus***Ansvarsart**

Vanleg og talrik art i fjellet. Trivest godt i fuktige område om sommaren, medan den vil helst ha tørre område om vinteren (Hogstad 1993). Arten er kjent for sine store bestandssvingingar og er ein svært viktig økologisk faktor i fjellet.

HJORTEDYR

Hjort *Cervus elaphus*

Hjorten er den største jaktressursen i Samnanger. I 2002 vart det felt 87 dyr i kommunen, noko som utgjer ei slaktevekt på ca. 5,4 tonn og ein førstehands kjøtverdi på nærmare 300.000 kr.

For å oppretthalde ein sunn og livskraftig hjortestamme på lang sikt, kan det vere naudsynt å ta omsyn til viktige beiteområde. I viltkartlegginga har særleg kartfesting av vinterbeiteområde vore prioritert. Slike beiteområde er område med relativt lite snø vinterstid, der hjorten kan bruke minst mogleg energi til å finne mat. Tilgangen på slike område kan vere ein minimumsfaktor for hjorten i særleg snørike vintrar. Redusert tilgang på gode vinterbeite kan føre til at færre dyr overlever vinteren.

Ein har òg forsøkt å fange opp dei viktigaste trekkrutene for hjort i Samnanger. For å utnytte tilgangen på beite maksimalt, flyttar hjorten mykje på seg. Det kan vera lokale forflytningar mellom beiteområde og dagleie, eller forflytningar over lengre avstandar mellom sommar og vinterbeite. At hjorten, og for så vidt andre artar, uhindra kan flytte seg i terrenget og utnytte ressursar i ulike område, er avgjerande for å ein sunn og levedyktig viltbestand. Det er difor viktig at ein i den lokale- og regionale

arealforvaltinga tek omsyn til både viktige beiteområde og trekkveggar, slik at hjorten kan utnytte ressursane optimalt etter kvart som tilgangen på ulike beiteplantar endrar seg gjennom sesongen. Ein bør difor unngå inngrep som reduserer både hjort og andre viltartar sine moglegheiter til effektiv bruk av leveområda.


Elg *Alces alces*

Rekna som streifdyr, men observasjonar av koller med kalv kan tyde på at det har vore

kalving i kommunen. I Svendsdalen ved Høysæter vart det under hjortejakta i 2003 observert sju dyr: Ein eldre okse, to koller, to kalvar og to dyr av ukjent alder (Arvid Kolle).

Rein *Rangifer tarandus*

Streifdyr som enkelte gonger blir observert i fjellområda i Samnanger, er utsett tamrein som held til i fjellområda sør for Bergsdalen i Vaksdal, Voss og Kvam.



Figur 1. Tal felte hjort og tildelte løyve i Samnanger kommune 1983-2002.



KVA BØR KARTLEGGAST BETRE?

Grunna eit lågt budsjett har ein hatt avgrensa tid til feltundersøkingar i dette prosjektet. Ein har prioritert bruken av feltarbeid til å undersøke enkelte innmeldte opplysningar og til synfaring av område som såg lovande ut på avstand. Av ressursmessige årsaker har ein ikkje hatt moglegheit til å verifisere alle opplysningar som har kome inn i løpet av prosjektperioden.

Feltarbeid er generelt naudsynt for å kontrollere ein del av innsamla opplysningar og for å danne seg eit bilete av ulike naturområde som skal vurderast. Feltarbeidet vil dessutan alltid føre med seg konkrete observasjonar som er verdifulle ved den faglege vurderinga av områda. I ein del tilfelle vil ein òg kunne gjere nye registreringar som dannar grunnlag for nye prioriterte viltområde. Ikkje minst vil feltarbeid kunne auke presisjonen av viltopplysningane, noko som er svært viktig for å kunne drive god og presis forvaltning.

Ved framtidige revisjonar av viltkartverket er det naudsynt at feltregistreringar får ein større plass i kartlegginga. Her blir dagens kart-

legging eit viktig grunnlag for det vidare arbeidet.

For fleire av dei prioriterte viltområda er ønskeleg med eit betre grunnlagsmateriale. Det gjeld særleg områda ved Rolvsvåg (Omr. 1) og Grønsdal (Omr. 10). Desse område er særleg aktuelle med tanke på kvitryggspett, hønsehauk og storfugl. For å ta omsyn til desse artane i skogbrukssamanheng, treng ein meir presis informasjon om artane sine nøkkelområde. For storfuglen sin del gjeld dette først og fremst spelplassar, for hønsehauken reirområde og for kvitryggspetten reirområde og område med særleg god tilgang på ståande død ved.

Av innmeldte opplysningar er særleg tips om hekkeplassar for rovfuglar svært tidkrevjande å verifisere. Det har av ressursmessige årsaker ikkje vore mogleg å få undersøkt alle desse lokalitetane nærare. Dette bør prioriterast ved oppfølging av kartlegginga.

Nærare undersøkingar av førekomst av stor salamander og lomartane bør òg prioriterast ved oppfølgjande undersøkingar.

10. BRUKARINTERESSER I NATUREN OG KONFLIKTAR I FORHOLD TIL VILTET

SKOGBRUK

I Samnanger utgjer produktivt skogareal 30.759 daa av eit totalt skogareal på 43.813 daa. Fordi ein truleg finn nær halvparten av det biologiske mangfaldet i skogsmiljø, kan skogbrukarar og grunneigarar i stor grad påverke mange artar i både positiv og negativ retning (Direktoratet for naturforvaltning 1999). Det er særleg etter at ein gjekk over frå plukkhogst til bestandskogbruk etter 1950, at det biologiske mangfaldet har blitt påverka negativt. Med bestandsskogbruk på Vestlandet har ein i stor grad gjennomført treslagskifte, der furu og lauvtre blir erstatta med gran. I dei planta granbestandane står trea svært tett, er av same alder og blir som oftast hogd før dei blir interessante for dei typiske "gamalskogsartane". I ein naturleg skog vil ein ofte ha blanding av fleire treslag, tre av alle aldrar og rikeleg med død ved i ulike nedbrytingsfasar. Dette er habitat som mange artar er avhengig av.

Ein potensiell konflikt mellom skogbruk og viltinteresser er at gamal skog på god bonitet blir føretrekt av både skogbruket og mange viltartar. Særleg ser det ut til at arealkrevjande artar som storfugl og hønehaug blir negativt påverka av intensivt skogbruk. Begge desse artane er aktuelle i Samnanger. Bestandskogbruket kan òg ha negative konsekvensar for spettane. Ståande, døde tre er viktig for dei fleste av desse artane og dette er ofte mangelvare i dagens skogkulturlandskap. Mangel på eldre ospeholt kan òg vere eit problem. Spesielt gråspetten er avhengig av tilgang på eldre osp som reirtre. Ei rekkje andre holrugande fugleartar nyttar dessutan gamle spettehol som reirplass. Ein nedgang i talet på spetter kan difor òg få konsekvensar for dei såkalla sekundære holrugarane.

Dei siste åra har skogbruksnæringa fått større forståing for det å ta omsyn til biologisk mangfald. Meir miljøvennleg hogst og fleirbruksomsyn er difor på veg inn i skogbruket. Forskningsprosjekt og publikasjonar som "Siste sjanse" (Haugset m.fl. 1996), "Rikere skog" (Aasaaren 1991) og "Veien til et bærekraftig skogbruk" (Solbrå 1996) i regi av skogbruket og naturforskinga har vore med på å sette omsyn til eit mangfald av dyr og plantar på dagsorden.

Meir bruk av driftsplanar vil truleg gjere det lettare å planlegge framtidig bruk av skogområde og ta miljøomsyn tidleg i planprosessen.

Under følgjer nokre tiltak som vil vere viktige for å ta omsyn til viltinteressene:

- Eit visst minimumsareal med gammalskog må oppretthaldast.
- Ein bør sette att kantskog mot myr, elvar, vatn og dyrka mark.
- Ein bør unngå hogst i bekkeløfter, like under bratte bergskrentar og på rasmark.
- Mindre øyar på myr og i vatn er ofte viktige hekkelokalitetar og bør difor ikkje hoggast.
- Sumpskog bør i størst mogleg grad sparast for hogst. Sumpskog er ofte svært viktig som beiteområde og hekkeområde for fugl. Det er òg ein relativt sjeldan naturtype.
- Ein bør unngå grøfting av myr og "vassjuk" mark.
- Sett igjen nokre store tre.
- Sett igjen døde tre og store lauvtre, særleg osp, som reirtre og "spiskammers" for spetter.
- Unngå treslagsskifte i dei frodigaste lauvskogsområda og område med eldre blandingskog.
- Ta omsyn til funksjonsområde for spesielle artar, t.d. reirområde for rovfugl og leikområde for storfugl og eldre ospeholt for spetter.
- Ved vegframføring og hogst i viktige- og svært viktige viltområde er det viktig at viltmyndighetene blir tatt med i planlegginga.

JORDBRUK

Jordbrukslandskapet er sterkt påverka av menneskeleg aktivitet. Men mange viltartar finst i høgare tal i slike område enn i meir upåverka område. Enkelte artar ville òg vore sjeldne eller heilt fråverande, lokalt, utan jordbrukslandskapet (t.d. låvesvale og stare). Situasjonen er dessverre ikkje slik at jordbruket berre er positivt for viltet. Intensivering og mekanisering av jordbruket har ført til eit meir homogent landskap og enkelte habitattypar har forsvunne. Det er særleg dei spesielle habitata tilknytt det tradisjonelle, småskala jordbruket som har blitt redusert etter intensiveringa. Døme på tiltak som kan verke negativt på viltet er; grøfting av fuktmark, fjerning av kantskog og åkerholmar, attgroing av beitemark, lukking og kanalisering av bekkar, sprøyting, vassføreining ved utslepp av gjødsel og silosaft, tørrelegging og oppdyrking av våtmark. Viltet på si side, kan òg ha negative effektar på jordbruket. Til dømes kan ei stor hjortestamme føre til beiteskadar på både skog og innmark.

FRILUFTSLIV OG FERDSEL

Allmenretten står sentralt i friluftslivet i Noreg, men det er nokre avgrensingar med tanke på utøving av jakt, fiske og motorisert- og organisert ferdsel. Generelt har ein som ønskje i naturforvaltinga at folk flest skal bruke tid i utmarka, då dette ofte fører til større interesse og omsorg for naturtilhøva i lokalmiljøet. Viltet har vore eit jaktobjekt for menneske i mange tusen år, og gjennom seleksjon har viltet "lært" seg å frykte menneska. Ferdsel i utmarka vil difor ofte føre til at nokre individ trekker ut av området. Spesielt i yngletida er mange viltartar vare for forstyrningar, men òg til andre årstider kan stress grunna ferdsel føre til at enkelte artar endrar bruken av området. Stor generell ferdsel kan føre til lavare bestandar av fleire artar som t.d. hjortevilt, hønefugl og rovfugl. Ved større organiserte orienteringsløp og utflukter bør ein absolutt sjekke den planlagde løypa opp mot viltkartverket til kommunen. Slike arrangement kan få store konsekvensar for viltet dersom dei blir gjennomført i hekke og yngleperioden. Ved bruk av utmarka til turgåing må ein òg huske på bandtvang for hund i tida mellom 1. april - 20. oktober.

JAKT

Jakt på vilt er som tidlegare nemnt hovudårsaka til at viltet har ein nedarva frykt for menneske. Moderne jakt vil naturlegvis òg kunne føre til at viltarter trekker seg unna "jaktutsette" område. Jakta føregår imidlertid på den tida på året då viltet er minst sårbart for forstyrningar. For enkelte artar er jakt eit avgjerande bestandsregulerande verkemiddel, dette gjeld særleg hjortevilt. I forvaltninga av hjortevilt har ein nytta retta avskyting som eit viktig prinsipp for å oppnå optimal produksjon. Retta avskyting føreset at ein har god kjennskap til bestandsstorleik og alders- og kjønnsfordelinga i bestanden. "For store" bestandar av hjortevilt kan føre til lavare slaktevekter (generelt dårlegare kondisjon), redusert overleving og store beiteskadar på skog og innmark. Kor stor ein ønskjer at bestanden av dei ulike hjorteviltartane blir difor ei avveging mellom optimal produksjon i forhold til tilgjengeleg beite og omfanget av beiteskadar.

Kor stor effekt jaktuttak har på småviltbestandar har vore noko omdiskutert. Det er sannsynleg at eit høgt lokalt jaktpress over tid kan føre til ein reduksjon i småviltbestandar lokalt (Kastdalen 1992, Hjeljord 1994), både som ein følgje av sjølve uttaket og ved at viltet flyttar til andre område. Det er difor viktig at den lokale viltforvaltinga til ei kvar tid vurderer om jakta er bestandsmessig forsvarleg.

FAUNAKRIMINALITET

Jakt og fangst av freda vilt, særleg truga og sårbare rovfuglar og ugler, er eit utbreidd problem på landsbasis. Dette gjeld både kryptskyting med tanke på utstopping, ulovleg innsamling av egg og ungar til eggssamling og falkonering, og felling av artar som enkelte kallar "skadevilt". Omfanget av slik aktivitet lokalt i Samnanger er ikkje kjent, men ved mistanke om ulovleg verksemd bør lensmannsetaten varslast. Lokalpersonar som kjenner til t.d. hekkestadar for rovfugl, kan med fordel vere litt ekstra på vakt i den mest kritiske perioden av året (hekkeperioden). Ved særleg utsette stader kan ein òg vurdere eit oppsynssamarbeid med folk frå lokalmiljøet.

BUSTADAR OG INDUSTRI

Eit av dei største problema til mange viltartar er at leveområda deira blir fragmenterte. Bygging av bustad- og industriområde med tilhøyrande infrastruktur fører ofte til at store areal blir forandra eller oppstykkka. Det er difor viktig at ein ved framtidig arealforvaltning sørgjer for at industri og bustadfelt ikkje blir lagt innanfor viktige- og svært viktige viltområde, og heller ikkje så nært inntil desse at ein påverkar områda negativt. Det same gjeld for hyttebygging og annan byggeaktivitet.

VEGAR

Vegbygging påverkar i stor grad leveområde for mange viltartar, og det er fleire effektar ved vegbygging som kan få alvorlege konsekvensar for enkelte artar. Den mest negative effekten er truleg at leveområda blir fragmenterte og ofte isolerte frå kvarandre, det gjeld spesielt vegtrasear med høge gjerde eller andre objekt som reint fysisk kan hindre viltet å krysse vegen.

Ein annan negativ effekt er at vegframføring opnar for lettare tilkomst til område som frå før var lite tilgjengelege. Dette kan føre til auka forstyrningseffekt langt utanfor sjølve vegtraseen. Påkjørslar av vilt i vegbana er òg stadvis eit alvorleg problem, ikkje berre for viltet men òg når det gjeld trafikktryggleik. Ved nøye planlegging og tilrettelegging kan skadeverknadane avgrensast. For eksempel kan trivielle og estetiske tiltak som tilplanting av vegskjeringar, skape eit matfat for visse viltartar og særskild uheldige situasjonar i trafikken.

VASSDRAGSREGULERING

Vassdragsregulering er først og fremst aktuelt i samband med kraftproduksjon, drikkevatn og settefiskanlegg. I Samnanger har særleg kraftproduksjonen vore aktuell og fleire vassdrag har blitt regulert. Regulering av vatn kan føre til oversvømming av tidlegare hekke- og næringsøksområde og redusert næringsstilgang som følgje av endra forhold i vatn og elvar (f.eks. dårlegare gyteforhold for fisk, vandringshinder, dårlegare produksjon av botndyr, endra djupneforhold og hyppige- og store vannstandsendingar). Tørrlegging av elvar kan føre til lågare produksjon av insekt som har larvestadiet i vatn, noko som fører til dårlegare næringsstilgang for fugl som lever av insekt i og ved elva. Lomartane er spesielt utsette for hyppige vannstandsendingar fordi dei oftast byggjer reiret like i vasskanten.

KRAFTLEIDNINGAR

I Samnanger har etablering av nye kraftlinjestraser vore ein aktuell problemstilling, og det er kjent at kraftlinjer kan vera problematisk for viltet, særleg for fuglelivet. Forskjellige fuglearter vil vera ulikt utsett for kollisjonar og elektrokusjon. Faktorar som kan vera med å avgjere omfanget av effektar på fugl, er arten sin anatomi, tettleiken av individ i det aktuelle området, trekk og aktivitetsmønster, og forskjellar i utvikling av syn. Kollisjonar med kraftlinjer tek truleg livet av fleire fuglar enn det som blir hausta under jakt.

Ved undersøkingar har ein funne spesielt mykje død fugl der leidningane kryssar søkk i terrenget. Slike linjer blir ofte liggande i flygetraseen for fugl ettersom mange artar (særleg hønsefugl) ofte følgjer terrengformasjonane. Kraftliner som strekker seg over toppar og høgder i terrenget ser ut til å utgjere eit større trugsmål for fugl, enn kraftlinjer elles terrenget (Bevanger 1993). Statistikk frå Stavanger Museum syner at det er rovfuglar og hønsefuglar som oftast flyg på kraftlinjer. Av rovfuglar er både hubro og hønsehauk særleg utsette. Rovfuglar nyttar ofte stolpar som utkikkspostar og døyr av elektrokusjon ved letting eller landing. Av hønsefugl, blir både orrfugl og storfugl negativt påverka av kraftlinjer (Bevanger & Thingstad 1988).

Det rimelegaste tiltaket vil ofte vere å syte for at leidningstrasear ikkje blir lagt gjennom område med mykje fugl, som våtmarksområde, spelplassar og rasteområde. Det er spesielt viktig at kraftlinjene ikkje kjem midt i innflygingssona til slike område. Eit anna, men ofte

kostbart tiltak, vil vere å gå over til jordkabel. Ein auka bruk av kabel for lågspentnettet og det lavare høgspentnettet vil vere viktig for å redusere kollisjonar og elektrokusjon på utsette stader (Bevanger & Thingstad 1988). Mærking av kraftlinjer for å gjera dei meir synlege for fugl har òg redusert faren for kollisjonar (Ålbu 1983).

AVFALL

Opne avfallsplassar har ofte blitt trekte fram i samband med uønskt store populasjonar av rev og kråkefugl, som blir sett på som viktige predatorar på egg og ungar av jaktbart vilt. Kor stor rolle kråkefuglane spelar her er høgst usikkert. Reven ser ut til å spele ei langt viktigare rolle enn både rovfugl, kråkefugl og mårdyr når det gjeld regulering av skogshønsbestandane. I Aust-Agder vart det dokumentert ein auke i bestandane av både mår, hønsehauk og storfugl ein periode etter utbrotet av reveskabb (Selås m. fl. 1995).

Små, private avfallsplassar "bak låa" kan ha den same effekten som større kommunale fyllingar. Det har òg blitt reist spørsmål om slakteavfall frå hjortejakta kan vere med å oppretthalde "kunstig" høge bestandar av rev og kråkefugl (Smedshaug & Sonerud 1997). Dersom ein har mistanke om at dette kan vere eit problem, bør ein ta konsekvensen av dette og "feie for eiga dør".

OPPDRETTSANLEGG

Oppdrettsnæringa kan i enkelte høve legge beslag på store areal og kan i visse høve komme i konfliktar med viltinteressene. Sjølv om dette er ei lite aktuell problemstilling i Samnanger i dag, bør ein vere merksam på problemstillinga.

Eit oppdrettsanlegg kan ha ein direkte forstyrrelseffekt, og plassering av anlegget nær kjende hekkeplassar for sjøfugl og andre nøkkelområde kan vere uheldig. Andre konfliktar går på at enkelte dyreartar nyttar oppdrettsanlegg som matfat. Dei mest aktuelle "konfliktartane" er skarv, gråhegre, måsar (spesielt gråmåse og svartbak), ærfugl (som et blåskjel), oter og steinkobbe. Det er viktig at ein tar omsyn til denne problematikken ved framtidig plassering av oppdrettsanlegg. Dersom plassering av anlegga blir gjort i samråd med viltmyndighetene, vil ein i større grad kunne unngå opplagte konfliktar.

11. INFORMANTAR

Viltregistreringane har i stor grad vore basert på intervju av personar med god kjennskap til lokale viltførekomstar. Utan desse ressurspersonane hadde det ikkje vore mogleg å gjennomføre prosjektet innanfor dei rammene som vart sett. Stor takk til alle!

Aasebø Ove	Samnanger	Røsseland Johan	Samnanger
Erstad Dagfinn	Samnanger	Stenerud Hans Kristian	Samnanger
Frøyland Anne	Samnanger	Teige Rune	Samnanger
Gåsdal Ove	Samnanger	Toft Sveinung	Lindås
Ingvartsen Rolf	Samnanger	Tverlid Arne	Samnanger
Moe Bjørn	Bergen	Tysseland Eivinn	Samnanger
Reistad Idar	Samnanger	Wiers Tore	Vaksdal

12. LITTERATUR

- Anon. 1976. Ornitologiske observasjoner. - Krompen 5 (1): 19-23.
- Bevanger, K. & Thingstad, P.G. 1988. Forholdet fugl – konstruksjoner for overføring av elektrisk energi: en oversikt over kunnskapsnivået. – Økoforsk utredning; 1988:1, 133 s.
- Bevanger, K. 1993. Fuglekollisjoner mot en 220 kV kraftledning i Polmak, Finnmark. – NINA forskningsrapport; 40: 26 s.
- Byrkjeland, S. 1995. Ornitologiske registreringer langs alternative traseer for 300 kV kraftlinje Samnanger-Arna 1995. Ornitologiske undersøkelser 1995
- Byrkjeland, S. 1999. Status for hekkande sjøfugl i Hordaland 1980-1998. – Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernadv. MVA Rapport nr. 2/1999. 106 s. + vedlegg.
- Byrkjeland, S. & Voie, R. 1999. Sangsvanebestanden i Hordaland - 160% økning siden 1988. - Krompen 28 (4): 176-187.
- Danielsen, I. 1996. Handlingsplan for truede og sårbare viltarter i Hordaland - med rød liste. MVA-rapport 2-1996. 74 s.
- Direktoratet for Naturforvaltning 1996. Viltkartlegging. DN-håndbok 11. 112 s.
- Direktoratet for Naturforvaltning 1999. Nasjonal rødliste for truede arter i Norge 1998. DN-rapport 1999-3. 162 s.
- Direktoratet for Naturforvaltning 1999. Nasjonal rødliste for truede arter i Norge 1998. DN-rapport 1999-3. 162 s.
- Dolmen, D. 1997. Herpetologisk statusrapport for Hordaland fylke (1996) utbredelsen av amfibier. Zoologisk notat 1997-3. Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, Vitenskapsmuseet, Trondheim.
- Fremming, O.R. 1986. Bestandsnedgang av hubro (*Bubo bubo*) i Øst-Norge 1920-1980. Viltrapport 40. Direktoratet for Naturforvaltning. Trondheim 1986.
- Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern-avdelinga. 1990. Utskrift frå viltområde-registret kommunevis oversikt.
- Gjerde, I. 1987. Verneverdig barskog i midtre og indre deler av Hordaland – ornitologisk rapport. – Rapport, Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavdelinga. 80s.
- Gjerde, I. 1988. Storfuglbestanden i Hordaland: Størrelse, utvikling og forvaltning. – Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernadv. Rapport. 33 s.
- Gjerde, I. 1990. Tiurleiker i Hordaland 1990. – Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernadv. Internt notat.
- Gjerde, I. & Sætersdal, M. 1996. Treslagsskifte og fugl på Vestlandet. - Aktuelt fra Skogforsk. 1996 nr. 9. 15 s.
- Haftorn, S. 1971. Norges fugler. Universitetsforlaget, Oslo.
- Haugset, T., Alfredsen, G. & Lie, M.H. 1996. Nøkkelbiotoper og artsmangfold i skog. Siste sjanse – Naturvernforbundet i Oslo og Akershus.
- Hjeljord, O. 1995. Ryper og jakt. Hvor stort uttak tåler en rypestamme? – Fagnytt Naturforvaltning nr. 6-1995. 4 s.
- Hogstad, O. 1993. Norske Pattedyr. Systematisk oversikt, bestemmelsestabell, spor og sportegn. Vitenskapsmuseet. Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet.
- Håland, A. 1977. Litt om sandsvala. - Krompen 6 (3): 32-33.

- Isaksen, K., Syvertsen, P. O., Kooij, J. van der & Rinden, H. (red.) 1998. Truete pattedyr i Norge: faktaark og forslag til rødliste. Norsk Zoologisk Forening. Rapport 5. 182 s.
- Jacobsen, O.W. 1984. Haukugleinvasjon i Hordaland høsten 1983. – Krompen 13 (3): 133-135.
- Kastdalen, I. 1992. Skogshøns og jakt. – Rapport, Norges Jeger og Fiskerforbund. 37s.
- Kjøberg, S. og Larsen, T. 1993. 1993 Fugleforekomster langs planlagt 132 kV kraftlinje Frøland-Helldal 1993. Naturundersøkelser, rapport nr. 5.
- Mjøs, A.T. 1989. Årsrapport LRSK 1988. - Krompen 18 (2): 63-65.
- Mjøs, A.T. & Frantzen, E. 1996. Hordalandsrapporten 1995. – Krompen 25: 63-74.
- Mjøs, A.T. & Frantzen, E. 1997. Hordalandsrapporten 1996. – Krompen 26 (4): 180-193.
- Osaland, O.M. 1981. Fugleobservasjonar 1980. - Krompen 10 (2): 76-82.
- Osaland, O.M. 1983. Ornitologiske observasjonar 1982. - Krompen 12 (3): 92-99.
- Osaland, O.M. 1985. Ornitologiske observasjonar 1984. - Krompen 14 (2): 60-74.
- Pedersen, H.C. 1994. Lirype *Lagopus lagopus*. S. 140 i: Gjershaug, J.O., Thingstad, P.G., Eldøy, S. & Byrkjeland, S. (red.) 1994. *Norsk fugleatlas*. – Norsk Ornitologisk Forening, Klæbu.
- Rolstad, J. 1991. Faunahensyn i skogbruket: Et landskapsøkologisk perspektiv. – Fauna 44: 5-10.
- Selås, V., Smedshaug, C.A., Lund, S.E. & Sonerud, G. 1995. Reveskabbens betydning for småviltet i Norge. – Fagnytt naturforvaltning nr. 10-1995: 1- 4. Norges landbrukshøgskole.
- Smedahaug, C.A. & Sonerud, G.A. 1997. Rovdyr, åtsler og predasjon på småvilt. – Fagnytt naturforvaltning nr. 8-1997: 1- 4. Norges landbrukshøgskole.
- Solbraa, K. 1996. Veien til et bærekraftig skogbruk. – Universitetsforlaget Oslo.
- Sonerud, G. 1994. Hornugle *Asio otus*. i: Gjershaug, J.O., Thingstad, P.G., Eldøy, S. & Byrkjeland, S. (red.) 1994. *Norsk fugleatlas*. – Norsk Ornitologisk Forening, Klæbu.
- Spikkeland, O.K. 2001. Verdier i Frølandselvi, Samnanger og Kvam kommuner i Hordaland. VVV-rapport 2001.
- Steen, O.F. 1996. Vandrefalkens bestandsstatus i Norge – fylkesoversikt pr. 1995. – Vandrefalken 3: 7.
- Steinsvåg, M.J. & Overvoll, O. 2003. Viltet i Bømlo. Kartlegging viktige viltområde og status for viltartane. – Bømlo kommune og Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 4-/2003: 1-55.
- Stormark, T.A. 1996. Flaggermus i Hordaland. Del III, s. 174-180 i Olsen, K.M. (red.): Kunnskapsstatus for flaggermus i Norge. – Norsk Zoologisk Forening. Rapport 2. 210 s.
- Syvertsen, P.O., Isaksen, K., Olsen, K.M., Rigstad, K. & Starholm, T. 2001. Kartlegging av flaggermus i Hordaland. Kunnskapsstatus 1999. – Norsk Zoologisk Forening. Rapport 9, manuskript.
- Sættersdal, M. 1980. Hekkefunn av varsler. - Krompen 9 (1): 40.
- Ugelvik, M. & Helle, S. 1988. Konesjonsavgjørende ornitologiske undersøkelser i Aldalsvassdraget, Hordaland 1988. – Zool. mus. UiB, Rapport terrestrisk økologi nr. 44: 1-23.
- Ugelvik, M. & Håland, A. 1989. Viltundersøkelser i Aldalsvassdraget, Hordaland 1988. – Zool. mus. UiB, Rapport terrestrisk økologi nr. 47: 1-21.
- Ålbu, Ø. 1983. Kraftlinjer og fugl. – Rapport/ Det Kgl. Norske videnskabers selskab, Museet. Zoologisk serie; 1983-8. 60 s.
- Aasaaren, Ø. (red.) 1991. Rikere skog. – Norges skogeierforbund, Landbruksforlaget, Oslo.

13. Artsliste

I den følgjande artslista har vi prøvd å gje ein grov kvantitativ status for dei ulike viltartane i Samnanger. Mange av desse vurderingane er høgst skjønsmessige. For det første er kunnskapsgrunnlaget i mange tilfelle for dårleg, og særleg når det gjeld smågnagarar og ein del fugleartar varierer talet svært mykje frå årstid til årstid og frå år til år. Det er sjølv sagt òg store nyansar i førekomsten artane imellom, og ikkje minst mellom dei ulike artsgruppene, som det er umogleg å få fram i ei slik oversikt. For nokre få artar, der ein meiner å ha eit visst grunnlag for det, er det gjort eit estimat på tal hekkepar. Det vil òg vere mogleg å finna meir utfyllande informasjon i statuskapitlet. Ein del av vurderingane av førekomst heilt sikkert diskuterast, og det er eit ønske at ein i framtida skal få betre kunnskap om dei ulike artane sin status i kommunen.

Kodar nytta i artslista:

Status	Førekomst
D konstatert yngling	(x) enkeltobservasjonar
C sannsynlig yngling	(xx) fåtalig, uregelmessig
B mogleg yngling	X fåtalig, regelmessig
O observert	XX vanlig
* tidlegare	XXX talrik

Oppsummering:

	Status				Totalt
	D	C	B	O	
Amfibium	2	-	1	-	3
Krypdyr	1	-	-	-	1
Fuglar	60	25	12	25	122
Pattedyr	9	16	-	2	27
Totalt	72	41	13	27	153

Norsk navn	Vitskapeleg navn	Status	Førekomst			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
AMFIBIUM						
Stor salamander	<i>Triturus cristatus</i>	B	X	X	X	i dvale
Padde	<i>Bufo bufo</i>	D	X	X	X	i dvale
Frosk	<i>Rana temporaria</i>	D	XX	XX	XX	i dvale
KRYPDYR						
Hoggorm	<i>Vipera berus</i>	D	XX	XX	XX	i dvale
FUGLAR						
LOMMAR						
Smålom	<i>Gavia stellata</i>	C	X	1-2 par		
Storlom	<i>Gavia arctica</i>	D	X	1-2 par		
STORMFUGLAR						
Havsvale	<i>Hydrobates pelagicus</i>	O			(x)	
PELIKANFUGLAR						
Storskarv	<i>Phalacrocorax carbo</i>	O	X	(xx)	X	X
STORKEFUGLAR						
Gråhegre	<i>Ardea cinerea</i>	D	X	X	X	X
Stork	<i>Ciconia ciconia</i>	O			(x)	
ANDEFUGLAR						
Songsvane	<i>Cygnus cygnus</i>	O	X		X	X
Grågås	<i>Anser anser</i>	O	X		X	
Krikkand	<i>Anas crecca</i>	C	X	X		
Stokkand	<i>Anas platyrhynchos</i>	D	XX	XX	XX	XX
Toppand	<i>Aythya fuligula</i>	O	X		X	X
Ærfugl	<i>Somateria mollissima</i>	O	X	X	X	X
Kvinand	<i>Bucephala clangula</i>	O	X		X	X
Siland	<i>Mergus serrator</i>	D	X	X	X	X
Laksand	<i>Mergus merganser</i>	O	X		X	X

Norsk navn	Vitskapeleg navn	Status	Førekomst			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
ROVFUGLAR						
Havørn	<i>Haliaeetus albicilla</i>	O	X	X	X	X
Hønehauk	<i>Accipiter gentilis</i>	D	X	3-5 par	X	X
Spurvauk	<i>Accipiter nisus</i>	C	X	X	X	X
Fjellvåk	<i>Buteo lagopus</i>	D	X	X	X	
Kongeørn	<i>Aquila chrysaetos</i>	D	X	2 par	X	X
Fiskeørn	<i>Pandion haliaetus</i>	O	(x)			
Tårnfalk	<i>Falco tinnunculus</i>	C	X	X	X	
Dvergfalk	<i>Falco columbarius</i>	B	X	X	X	
Jaktfalk	<i>Falco rusticolus</i>	B	X	1 par	X	X
HØNSEFUGLAR						
Lirype	<i>Lagopus lagopus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Fjellrype	<i>Lagopus mutus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Orrfugl	<i>Tetrao tetrix</i>	D	XX	XX	XX	XX
Storfugl	<i>Tetrao urogallus</i>	D	X	X	X	X
TRANEFUGLAR						
Åkerrikse	<i>Crex crex</i>	B*		(x)		
VADEFUGLAR						
Tjeld	<i>Haematopus ostralegus</i>	C	X	X		
Heilo	<i>Pluvialis apricaria</i>	D	X	X		
Vipe	<i>Vanellus vanellus</i>	D	X	X		
Fjellmyrløpar	<i>Limicola falcinellus</i>	O			(x)	
Enkeltbekkasin	<i>Gallinago gallinago</i>	C	X	X	X	(xx)
Rugde	<i>Scolopax rusticola</i>	C	X	X	X	(xx)
Raudstilk	<i>Tringa totanus</i>	C	X	X		
Strandsnipe	<i>Actitis hypoleucos</i>	D	XX	XX		
JOAR, MÅSAR OG TERNER						
Fiskemåse	<i>Larus canus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Sildemåse	<i>Larus fuscus</i>	O	X	X		
Gråmåse	<i>Larus argentatus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Svarbak	<i>Larus marinus</i>	O	X	X	X	X
Makrellterne	<i>Sterna hirundo</i>	C	X	X	X	X
DUER						
Ringdue	<i>Columba palumbus</i>	C	X	X	(xx)	(xx)
Tyrkerdue	<i>Streptopelia decaocto</i>	B	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
GAUKEFUGLAR						
Gauk	<i>Cuculus canorus</i>	D	X	X		
UGLER						
Hubro	<i>Bubo bubo</i>	O	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
Haukugle	<i>Surnia ulula</i>	O			(xx)	
Kattugle	<i>Strix aluco</i>	D	X	X	X	X
Hornugle	<i>Asio otus</i>	D		(x)		
Jordugle	<i>Asio flammeus</i>	O			(xx)	
Perleugle	<i>Aegolius funereus</i>	O				(x)
NATTRAVNAR						
Nattravn	<i>Caprimulgus europaeus</i>	O		(x)		
SEGLARAR						
Tårnseglar	<i>Apus apus</i>	O		(xx)		

Norsk navn	Vitskapeleg navn	Status	Førekost			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
SPETTEFUGLAR						
Vendehals	<i>Jynx torquilla</i>	D	(xx)	(xx)		
Gråspett	<i>Picus canus</i>	C	X	X	X	X
Grønspett	<i>Picus viridis</i>	B	X	X	X	X
Flaggspett	<i>Dendrocopos major</i>	B	X	X	X	X
Dvergspett	<i>Dendrocopos minor</i>	C	X	X	X	X
Kvitryggspett	<i>Dendrocopos leucotos</i>	D	X	X	X	X
SPORVEFUGLAR						
Sandsvale	<i>Riparia riparia</i>	D*		X		
Låvesvale	<i>Hirundo rustica</i>	D	X	X	X	
Taksvale	<i>Delichon urbica</i>	D	X	X		
Trepplerke	<i>Anthus trivialis</i>	D	XX	XXX	XX	
Heipplerke	<i>Anthus pratensis</i>	D	XXX	XXX	XX	
Skjærpiplerke	<i>Anthus petrosus</i>	O			X	X
Vintererle	<i>Motacilla cinerea</i>	O	(x)			
Linerle	<i>Motacilla alba</i>	D	XX	XX	XX	
Sidensvans	<i>Bombycilla garrulus</i>	O				(xx)
Fossefall	<i>Cinclus cinclus</i>	D	XX	40-50 par	XX	X
Gjerdsmett	<i>Troglodytes troglodytes</i>	D	XXX	XXX	XXX	X
Jernsporv	<i>Prunella modularis</i>	D	XXX	XXX	XX	(xx)
Raudstrupe	<i>Erithacus rubecula</i>	D	XXX	XXX	X	X
Blåstrupe	<i>Luscinia svecica</i>	C	X	X	X	
Raudstjert	<i>Phoenicurus phoenicurus</i>	C	X	X	X	
Buskskvett	<i>Saxicola rubetra</i>	D	X	X	X	
Steinskvett	<i>Oenanthe oenanthe</i>	D	X	X	X	
Ringtrast	<i>Turdus torquatus</i>	D	X	X	X	
Svarttrast	<i>Turdus merula</i>	D	XXX	XXX	XXX	XX
Gråtrast	<i>Turdus pilaris</i>	D	XXX	XXX	XXX	X
Måltrast	<i>Turdus philomelos</i>	D	XX	XX	XX	
Raudvengetrast	<i>Turdus iliacus</i>	D	XXX	XXX	XXX	(xx)
Gulsongar	<i>Hippolais icterina</i>	D	X	X	X	
Tornsongar	<i>Sylvia communis</i>	D	X	X	X	
Hagesongar	<i>Sylvia borin</i>	B	X	X	X	
Munk	<i>Sylvia atricapilla</i>	D	XX	XX	X	(xx)
Bøksongar	<i>Phylloscopus sibilatrix</i>	O		(x)		
Gransongar	<i>Phylloscopus collybita</i>	C	X	X	X	
Lauvsongar	<i>Phylloscopus trochilus</i>	D	XXX	XXX	XX	
Fuglekonge	<i>Regulus regulus</i>	C	XX	XX	XX	XX
Gråflugesnappar	<i>Muscicapa striata</i>	D	XX	XX	XX	
Svartkvitflugesnappar	<i>Ficedula hypoleuca</i>	D	XX	XX	XX	
Stjertmeis	<i>Aegithalos caudatus</i>	D	X	X	X	X
Lauvmeis	<i>Parus palustris</i>	D	X	X	X	X
Granmeis	<i>Parus montanus</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Toppmeis	<i>Parus cristatus</i>	C	XX	XX	XX	XX
Svartmeis	<i>Parus ater</i>	C	X	X	X	X
Blåmeis	<i>Parus caeruleus</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Kjøtmeis	<i>Parus major</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Spettmeis	<i>Sitta europaea</i>	D	XX	XX	XX	XX
Trekrypar	<i>Certhia familiaris</i>	C	X	X	X	X
Varslar	<i>Lanius excubitor</i>	D	(x)	(x)	(x)	(x)
Nøtteskrike	<i>Garrulus glandarius</i>	C	X	X	X	X
Skjor	<i>Pica pica</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Nøttekråke	<i>Nucifraga caryocatactes</i>	C	X	X	X	X
Kråke	<i>Corvus cornix</i>	D	XX	XX	XX	XX
Ravn	<i>Corvus corax</i>	D	X	X	X	X
Stare	<i>Strnus vulgaris</i>	D	XX	XX	X	
Gråsporv	<i>Passer domesticus</i>	D	X	X	X	X
Bokfink	<i>Fringilla coelebs</i>	D	XXX	XXX	X	(xx)
Bjørkefink	<i>Fringilla montifringilla</i>	D	XX	XX	X	(xx)

Norsk navn	Vitskapeleg navn	Status	Førekost			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
Grønfinnk	<i>Carduelis chloris</i>	B	XX	XX	XX	X
Grønssisk	<i>Carduelis spinus</i>	C	XX	XX	X	X
Bergirisk	<i>Carduelis flavirostris</i>	D	XX	XX	X	X
Brunssisk	<i>Carduelis cabaret</i>	C	XX	XX	X	X
Gråssisk	<i>Carduelis flammea</i>	C	XX	XX	X	X
Grankorsnebb	<i>Loxia curvirostra</i>	B	X	X	X	X
Furukorsnebb	<i>Loxia pytyopsittacus</i>	B	X	X	X	X
Rosenfink	<i>Carpodacus erythrinus</i>	O	(x)			
Dompap	<i>Pyrrhula pyrrhula</i>	C	X	X	X	X
Snøsporv	<i>Plectrophenax nivalis</i>	B	X	X	X	
Gulsporv	<i>Emberiza citrinella</i>	B	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
Sivsporv	<i>Emberiza schoeniclus</i>	D	X	X	X	

PATTEDYR

INSEKTETARAR

Piggsvin	<i>Erinaceus europaeus</i>	C	X	X	X	i dvale
Vanlig spissmus	<i>Sorex araneus</i>	C	XXX	XXX	XXX	XXX
Dvergspissmus	<i>Sorex minutus</i>	C	XXX	XXX	XXX	XXX
Vannspissmus	<i>Meomys fodiens</i>	C	X	X	X	X

FLAGGERMUS

Vannflaggermus	<i>Myotis daubentonii</i>	C	XX	XX	XX	i dvale
Skjegg-/Brandtflaggermus	<i>M. mystacinus/M. brandtii</i>	C	X	X	X	i dvale
Nordflaggermus	<i>Eptesicus nilssonii</i>	C	XX	XX	XX	i dvale
Dvergflaggermus	<i>Pipistrellus pygmaeus</i>	C	XX	XX	X	i dvale
Langøreflaggermus	<i>Plecotus auritus</i>	C	X	X	x	i dvale

ROVDYR

Raudrev	<i>Vulpes vulpes</i>	D	XX	XX	XX	XX
Mink	<i>Mustela vison</i>	D	X	X	X	X
Røyskatt	<i>Mustela erminea</i>	C	XX	XX	XX	XX
Snømus	<i>Mustela nivalis</i>	C	XX	XX	XX	XX
Mår	<i>Martes martes</i>	C	X	X	X	X
Oter	<i>Lutra lutra</i>	O	(x)	(x)	(x)	(x)
Jerv	<i>Gulo gulo</i>	O	(x)	(x)	(x)	(x)

PARTÅA

Hjort	<i>Cervus elaphus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Elg	<i>Alces alces</i>	C	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
Rein (utsett tamrein)	<i>Rangifer tarandus</i>	C	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)

HAREDYR

Hare	<i>Lepus timidus</i>	D	XX	XX	XX	XX
------	----------------------	---	----	----	----	----

GNAGARAR

Ekorn	<i>Sciurus vulgaris</i>	D	XX	XX	XX	XX
Brunrotte	<i>Rattus norvegicus</i>	C	X	X	X	X
Lita skogmus	<i>Apodemus sylvaticus</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Markmus	<i>Microtus agrestis</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Fjellrotte	<i>Microtus oeconomus</i>	C	XX	XX	XX	XX
Klatremus	<i>Clethrionomys glareolus</i>	C	XX	XX	XX	XX
Gråsidemus	<i>Clethrionomys rufocanus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Lemen	<i>Lemmus lemmus</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX

14. KART

Alle kommunar har informasjonen frå viltkartlegginga på digital form. På denne måten kan kommunen sjølv framstille temakart etter behov. I nokre samanhengar kan det vere praktisk å ha viltkart i plotta utgåve. Ved plotting og t.d. ved framstilling av viltinformasjon i kommuneplanen sin arealdel er det vanleg praksis å dele informasjonen i fire tema: 1) Småvilt, 2) Hjortevilt, 3) Ikkje offentlege opplysningar og 4) Prioriterte viltområde.

I denne viltrapporten to kart vedlagt: 1) vinterbeite og viktige trekkruiter for hjort og 2) prioriterte viltområde. Kartet over prioriterte viltområde er framstilt på grunnlag av dei andre temakarta. Nokre av dei områda er justerte ved fagleg skjøn på grunnlag av opplysningar om fåtalige og sårbare artar og kunnskap om dei aktuelle artane sine krav til leveområde.

Med unntak av opplysningane som er unnateke offentlegheit (t.d. hekkeplassar for enkelte trua og sårbare artar), er underliggende opplysningar allment tilgjenge gjennom Naturbasen på Direktoratet for naturforvaltning sine heimesider: <http://www.naturforvaltning.no>


Kart 1: Hjort

-  Vinterbeite
-  Trekkveg
-  Lauvskog
-  Furu- og blandingskog
-  Jordbruksareal



0 2 4 km

Kartframstilling: Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavd.
Digitalt kartgrunnlag: Statens kartverk (N50), NIJOS/Geovekst (DMK)




Kart 2: Prioriterte viltområde

-  Svært viktig
-  Viktig
-  Lauvskog
-  Furu- og blandingskog
-  Jordbruksareal



0 2 4 km

Kartframstilling: Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernkvd.
Digitalt kartgrunnlag: Statens kartverk (N50), NIJOS/Geovekst (DMK)



ISBN 82-8060-024-8
ISSN 0804-6387